Bergensposten.

NR.1 februar 2013 16. ÅRGANG



Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 34. heftet i rekken.

Ansvarlig redaktør:	Yngve Nedrebø
Ansvarlig for utforming:	Tom Myrvold
Trykk:	Statsarkivet i Bergen
Opplag:	ca. 1000
Redaksjon avsluttet:	
Forsiden:	En samling av illustrasjoner fra innholdet

ISSN 1501-4436

Bergensposten.

Innhold

Fra redaktøren 2

Jan Bødtker:
Interessant brev sendt til statsminister Wollert Konow 3

Arvid Skogseth: Mord i Austevoll 5

Runar Jordåen: Diplomatisk bomtur—Wilhelm Frimann Koren Christie og sendeferda til London i 1814 8

Wilhelm F. K. Christie:
Dagbog, holdt paa en Rejse fra Christiansand til London 1814, - 20

Arne Eriksen: Utkast av post 29

Jo Rune Ugulen: Fram... og tilbake igjen? 39

Yngve Nedrebø:
Solid formidling av historien om Slaget på Vågen i Bergen i 1665. 56

Fra redaktøren:

Årets første utgave av Bergensposten ser fram mot Grunnlovsjubileet i 2014. Runar Jordåen arbeider med en biografi om Wilhelm Frimann Koren Christie. Han er godt i gang med arbeidet, og biografien skal foreligge i mai 2014. I forrige nummer av Bergensposten hadde han sammen med Kenneth Bratland en artikkel om W. F. K. Christie som gardeier. I denne utgaven presenterer han Christies dagbok fra den diplomatiske ferden til Storbritannia sommeren 1814. Han har selv transkribert teksten, som gjengis i sin helhet sammen med beretningen om reisen og dagboken.

Jo Rune Ugulen arbeider ved Seksjon for kildeutgivelser i Riksarkivet. Han har - på oppfordring - hentet fram et materiale han presenterte i 2003 om svenske og finske krigsfanger på Vestlandet under Store Nordiske Krig (1700-1721). Arbeidet hans tar utgangspunkt i kilder i arkivet etter Bergen Magistrat i Bergen byarkiv, og Stiftamtmannsarkivet i Statsarkivet i Bergen. Men han skriver at han har «berre skrapa så vidt borti» materialet. Det er en oppfordring til andre om å se etter mer stoff om dette. Det er ikkje eneste gang svenske krigsfanger kom til Vestlandet. Professor Torstein Bertelsen har i Bergensposten 3/2005 skrevet om de svenske krigsfangene i Bergen i 1808.

Vi har også fått artikler frå to trofaste lesesalsbrukere. Arvid Skogseth har skrevet bygdebøker for Fedje, Austrheim og Lindås, og er i gang med tilsvarende for Sund. Han presenterer den tragiske historien fra 1796, da Kristian Torkelson tok livet av sin kone Mari, ble dømt til døden, men døde i arresten to dager seinere. Arne Eriksen arbeider ivrig videre med posthistorien, og presenterer denne gangen stoff om «ekspresslevering» av post, der posten ble slengt ut fra tog i fart. Ikke alltid like heldig for posten!

Jan Bødtker er også frimerkesamler og posthistoriker, og han forteller denne gangen om et brev han har fått tak i fra (senere) statsminister Abraham Berge til (tidligere) statsminister Wollert Konow.

Universitetsbibliotekar Bjørn-Arvid Bagge gav i 2012 ut bok om Slaget på Bewrgen våg 1665. Boken omtales hos oss.

Vi håper blandinga faller i smak! Neste nummer av Bergensposten er planlagt utgitt i juni.

Yngve Nedrebø

Jan Bødtker:
Interessant brev sendt til statsminister Wollert Konow

Internett har som jeg tidligere har nevnt vært en åpenbaring for posthistorikere. Spesielt QXL gir oss mange verdifulle muligheter til å dyrke både avsendere og mottakere, som igjen avstedkommer mange artige historier. Denne gang skal jeg ikke dvele ved brev sendt til en eller annen i min egen familie, men se nærmere på to av Frisinnede Venstres viktigste politikere for hundre år siden.

Forleden kjøpte jeg et brev på QXL for beskjedne 20 kroner! Det var adressert til Statsminister Konow, Stend pr. Bergen og avsender var «amtmand A. Berge, Tønsberg". Brevet er stemplet Tønsberg 21. mars 1918. Så langt er det ikke noe mer spesielt med brevet enn at det har gått med Bergensbanen fra Christiania til Nesttun, hvor det er blitt omfordelt og sendt videre til Stend med Osbanen

Har du en gang vært statsminister, så er det stor sannsynlighet for at du resten av livet blir omtalt som nettopp det, til tross for at det kan være flere år siden at du fungerte som landets statsminister. Dette brevet er et typisk eksempel på dette, idet Wollert Konow S.B. var statsminister fra 1910 til 1912 ettersom brevet er sendt fra hans gode venn, amtmann Abraham Berge i 1918. Det er sikkert mange som lurer på hvorfor jeg har skrevet S.B. bak etternavnet til Konow ? Grunnen er at Wollert Konow på Stend hadde en fetter med samme navn, men han bodde på Tjerne gård i Hedmark. Derfor ble han alltid omtalt med H bak etternavnet for at man skulle kunne skille de to Konow'ene.

Statsminister Wollert Konow S.B.

Wollert Konow S.B. - S.B. står for Søndre Bergenhus. Han var sammen med sin far med samme navn, to av Fanabygdens mest verdifulle personer fra 1850-årene og frem til vår tid.

Wollert Konow S.B. sin betydning for Fanabygden gjenspeiler den oppmerksomhet han blir til del hver eneste

17.mai, når prosesjonen fra Fana kirke stopper opp i Konowkrysset ved nedkjøringen til Fanahammeren, hvor «Ja vi elsker» blir sunget og det blir lagt ned blomster på hans minnestøtte. En fin gest for å hedre en lokal statsminister .

Jeg skal ikke skrive en lang politisk avhandling om hverken Konow eller amtmann Berge. Men det kan være på sin plass å nevne at det var ved hjelp fra sin gode venn, Christian Michelsen, at Konow ble utnevnt til statsminister i 1910 i en koalisjon mellom Høire og Frisinnede Venstre. I 1912 ble Konow tunget til å gå av fordi han i en tale snakket varmt om målsaken, noe som ble oppfattet som en provokasjon av Høire.

Senere på året ble Konow valgt til Stortingspresident, men det varte ikke lenge. Etter valget senere på høsten samme år stilte han til valg, men tapte for en annen venstremann og dermed var Wollert Konows politiske karriere over. Han døde på Stend i 1924, 79 år gammel.

Riksrett

Hvis vi går tilbake til utgangspunktet – brevet som amtmann A. Berge sendte til Wollert Konow i 1918, så viser det seg at Abraham Theodor Berge, som var hans fulle navn, var finansminister i Konows regjering fra 1910 til 1912. Da statsminister O.B. Halvorsen døde i 1923 overtok Berge som regjeringssjef. Men i 1926 ble Berge og seks av hans statsråder stilt for riksrett for å ha gått ut over sine fullmakter i en bevilgningssak. Året etter ble de alle imidlertid frifunnet av Riksretten

Abraham Berge var amtmann i Jarlsberg og Larvik amt i årene fra 1908 til 1923, og da er det korrekt bruk av overstående konvolutt som ble sendt til statsminister Konow, Stend pr. Bergen i 1918.

Et interessant brev mellom to av datidens store norske politikere til beskjedne 20 kroner ...

Arvid Skogseth:
Mord i Austevoll

Kristian Torkelson vart f. om lag 1730 på Forland i Sund. Han vart g.1.g. m. *Agata Olsdotter* frå Hummelsund i Sund d. 1765. Dei budde på Forland då dei to eldste sønene vart fødde. Då den neste kom til i 1760 budde dei på Møkster i Austevoll, og sidan kom dei til Økland i Austevoll, der Agata døydde. På skiftet etter henne i 1765 var arvingane enkjemannen Kristian og sonen Ola, Torkel var såleis død. 3 born: Torkel f. 1756 d. 3 veker og 6 dagar gl., Ola f. 1757 d. 1815 g. 1788 m. Agata Persdotter f. 1755 Toranger i Austevoll d. 1810, overtok bruket på Økland, Torkel f. 1760 d. liten.

Enkjemannen Kristian Torkelson g.2.g. m. *Brita Persdotter* f. 1746 Toranger d. 1775, bustad Økland. Skiftet etter Brita vart halde i 1776, det vart opplyst at ho døydde i 1775. Samla arv var 29 rdl til enkjemannen Kristian og borna Kristian og Agata, Torkel var altså død. 3 born: Torkel f. 1768 d. liten, Kristian f. 1770 d. 1827 g. 1794 m. enkja Salmi Johannesdotter f. 1768 Hille i Austevoll d. 1836, budde der på Kleppe, Agata f. 1772 d. 1838 g. 1799 m. Nils Kåreson f. 1775 Sæle i Sund d. 1841, budde der.

Enkjemannen Kristian Torkelson g.3.g. 1776 m. enkja *Mari Jonsdotter* f. 1747 Hovland i Os d. 1796, bustad Økland. Den første mannen hennar var Mikkel Olson f. 1742 Økland d. 1774. 5 born: Brita f. 1777 d. 1792, Kari f. 1779 d. lita, Kari f. 1782 d. lita, Lars f. 1786 d. 1870 g. 1807 m. enkja Synneva Thomasdotter f. 1773 Storebø i Austevoll d. 1851, bustad Økland, Torkel f. 1791, budde hos halvbroren Ola i folketeljinga 1801.

Ved gravfestinga til Mari den 18. september står det i kyrkjeboka «myrdet af sin Mand». Drapssaka kom opp på ein ekstrarett i Bekkjarvik i Våg skipreide i Sunnhordland den 2. desember 1796. Kristian, som hadde vore i arrest hos lensmannen på Storebø i Austevoll sidan 6. september, stod fram for retten «løs og ledig, uden tvang, baand eller jern», og vart klaga for drapet av kona Mari. Han fortalde at han var fødd av bondefolk på Forland, faren var Torkel (han hugsa ikkje farsnamnet hans) og mora Brita Kolbeinsdotter, begge var forlengst døde. Han var dreng og sidan bordarbeidsmann for fleire i Sund prestegjeld. Seinare var han los, til han gifte seg den første gongen. Kona døydde, og han gifte seg opp att. Då denne kona døydde, var han enkjemann i eit år før han gifte seg med den nemnde Mari. Som familiemann budde han først på Forland og på Møkster, og vart så leiglending på Økland, inntil han for 10-12 år sidan overlét bruket til sonen Ola. Sidan budde dei hos han som innerstar. Han hadde to levande born med Mari, Lars og Torkel, dessutan tre som var døde.

Kristian fortalde at bakgrunnen for det

som hadde skjedd, var ein merknad frå kona Mari fire år tidlegare om at den yngste sonen Torkel ikkje var hans. Ho var ikkje nøgd med den ekteskaplege omgangen med Kristian, og han fekk mistanke til grannen Erik Arneson Økland. Kristian hadde difor slitt med tungsinn dei siste åra. I ein slik tilstand var han då ugjerninga skjedde. Eit par dagar før fekk han ein redsel på seg, og han gjekk heimafrå onsdags morgon og tok båten sin og rodde på havet for å rømma vekk frå kona. Han kom til eit bergensskip omtrent 6 mil frå land, og ville reisa bort med det, men dei ville ikkje ta han med.

Natt til fredag kom han heim att, og laurdag og søndag låg han mykje på senga. Kona var ikkje der, og han tenkte at ho var i kyrkja på søndag, men det var ho ikkje. Ho kom ikkje inn til han før om ettermiddagen klokka fire ved nonstid, der han låg i sengebua. Ved sengetid den same søndagskvelden den 4. september gjekk han inn i stova til sonen Ola og åt kveldsmat saman med Mari og Ola og kona, slik dei pleidde å gjera der. Kristian bad henne om å koma og leggja seg, og Ola følgde dei til sengebua med lys. Han sa seinare at det ikkje hadde vore noko usemje mellom dei. Då dei var komne i senga, begynte Mari å skjella ut Kristian. Han skulda henne for å ha vore i lag med Erik Økland, men ho nekta.

Etter at dei slik hadde krangla ein time, fekk han «det ulychelige Forsett at vilde myrde sin Kone». I ei kiste like ved senga begynte han å leita etter ein tollekniv. Mari sprang fram av senga, og då tok han henne med hendene om halsen med tanke om å kvela henne. Ho smatt unna, og dei vart begge liggjande på golvet. Då fekk han tak i kniven som låg i kista, som var med lok, men ikkje låst. Det var nattemørkt og ikkje månelyst, så han såg ikkje klårt kvar han stakk henne. Han skar henne over strupen så blodet gjekk ned gjennom munnen.

Etterpå sprang Kristian ut i bare skjorta, i tanke om rømma for å unngå den livsstraffa som han frykta. Han tenkte ikkje på å ta sitt eige liv. Han kom ikkje så langt av garde, men sette seg ned i avmakt og vart sitjande til dagen grydde. Då kom ein del menn frå Økland og Toranger og sa at dei visste kva som hadde skjedd, noko som han òg tilstod. Dei førte han til prosten Hjorthøy på Sund, og så til futen i Bergen. Kristian hadde ingenting anna å orsaka seg med enn konas ymt om farskapen til sonen, som var den einaste årsaka til det som hadde skjedd. Han bad om mildaste dom og at han måtte få behalda livet. På spørsmål sa han at dei siste åra var kona hans altfor mykje hos Erik Økland, og han hos henne. Erik hadde då ei sjuk og sengeliggjande kone, som døydde for nokre år sidan. Sidan den tida Erik vart gift igjen, kunne ikkje Kristian seia noko slikt om han.

Sonen Lars på 10 år fortalde at då han måndags morgon skulle hente seg ein halsduk i bua, kunne han ikkje få opp budøra. Han vart redd, og sprang inn til broren Ola og kona Agata. Ola gjekk då inn i bua, og fann stemora Mari

liggjande på golvet i bare skjorta i sitt eige blod, kniven stod i såret på halsen hennar. Ola la kniven på golvet, gøymde han sidan, og la han no fram for retten. Liket vart lagt i ei kiste. Ei veke seinare vart det undersøkt av ein feltskjer (kirurg). Kristian tilstod at han hadde myrda kona. Han kunne ofte vera tungsindig og melankolsk når noko gjekk han i mot, men han hadde aldri gjort noko vondt før.

Måndag 5. desember 1796 fall dommen. Kristian vart dømd til døden for et «afskyeligt Mord». Han skulle straks sendast til Bergen, men hadde rett til å anka dommen til høgare rettsinstansar. Dersom dommen vart gjennomført, skulle han først knipast med glovarme tenger av skarprettaren utanfor huset der ugjerninga skjedde, og så tre gonger på vegen derfrå til rettarstaden. Der skulle først den høgre handa hoggast av med øks, og så hovudet. Hovudet og handa skulle festast på ein stake over lekamen. Dette skulle vera til skrekk og åtvaring for andre.

Normalt ville ei slik sak verta anka vidare til lagretten og eventuelt til kongen, men det vart ikkje aktuelt. Grunnen var at Kristian døydde i arresten i Bergen natta mellom 7. og 8. desember. Stiftamtmannen skreiv om saka i kopiboka si, det var òg spørsmål om korleis liket skulle gravleggjast. I følgje reglane kunne det ikkje gravleggjast på ein kyrkjegard, i staden skulle nattmannen, som var bøddelens medhjelpar, sørgja for at liket av Kristian vart gravlagt på rettarstaden.

Stiftamtmannen i Bergen. Kopibok 126,

> *8. desember. Cansellie Raad og Sorenskriver Schiötz. Da den, for begaaet Mord paa sin hustrue, dømte og hertil i gaard indbragte Christen Torkildsen Øchland i Nat i Arresten ved Døden er afgangen, og hans Begravelse icke staaer til at foranstalte, forinden den ham overgangne Doms Indhold vorder bekiendt; saa maa Amtet, ved nærværende Expresse, have Deres Velbyrighed anmoedet, at De ufortøret, og med samme Expresse tilbage, indsender Domsacten, eller om samme icke skulde være saavidt ferdig, at den prompte kand medfølge, da en bekræftet Gienpart av Dommen. De vilde tilliige paa samme anmercke, hvad Tiid denne Act, eller Gienpart, fra Dem afgaaer. paa Stiftets Vegne Haberdorf.*

Kjelder:

Kyrkjebøker for Sund
Skifteprotokollar for Sunnhordland
Tingbøker for Sunnhordland
Kopibok til stiftamtmannen i Bergen
Takk til Yngve Nedrebø for gode tips

Runar Jordåen:
Diplomatisk bomtur

Wilhelm Frimann Koren Christie og sendeferda til London i 1814

Då den nye grunnlova blei underteikna og Christian Frederik vald til norsk konge 17. mai 1814 var det langt frå slik at vegen til sjølvstende låg open. Grunnlova var ikkje verdt papiret ho sto på så lenge stormaktene sine lovnader frå Kiel-traktaten 14. januar same år blei ståande ved lag. Fredsslutninga innebar nemleg at kongen i København sa frå seg kongeriket Noreg for seg og sine etterkommarar, og at landet skulle foreinast med Sverige. Traktaten var komen til etter at den sigersrike hærføraren Jean Baptiste Bernadotte – frå 1810 betre kjend som svensk tronfølgjar under namnet Carl Johan – hadde vore med og trygga den avgjerande sigeren for alliansen mot Napoleon i slaget ved Leipzig 16.-19. oktober 1813. Etter slaget drog han og dei svenske styrkane nordover til den sørlegaste delen av det danske riket, hertugdømmet Holstein og byen Kiel, der traktaten blei underteikna. Men Carl Johan hadde heilt sidan han blei «adoptert» som svensk kronprins hatt som mål å få Noreg, og allereie i den såkalla Stockholmstraktaten frå mars 1813 hadde britane sagt at dei ville stilla seg bak dette kravet ved ein siger over Frankrike og deira allierte Danmark-Noreg.

Hendingane i Noreg vinteren og våren 1814 var eit opprør mot at landet skulle gå over til arvefienden Sverige, men prosessen førte også fram til ei grunnlov som tok opp i seg mange av opplysnings- og revolusjonstankane om statsstyre og demokrati – mellom anna teorien om folkesuvereniteten. 17. maigrunnlova innførte eit konstitusjonelt monarki der kongens makt var avgrensa av grunnlova og der ein i motsetning til det eineveldige monarkiet ikkje bygde kongens makt på ein gudgitt arverett til riket, men på «folkets vilje». I denne samanhengen er ikkje spørsmålet om grunnlova eigentleg var demokratisk etter notidig standard så interessant som nettopp denne tilslutninga til *ideen* om folkesuverenitet og sjølvstyre.

Spelet om lagnaden til Noreg

Rusen frå «den norske våren» 1814 blei fort avløyst av dei beinharde realitetane. Det var klart at eit dokument underteikna av ei forsamling menn tilhøyrande eit område i ein utkant av Europa som knapt hadde eksistert som ei sjølvstendig eining sidan mellomalderen, sto langt lågare i kurs enn Kieltraktaten, eit av dei sentrale dokumenta i fredsslutningane etter Napoleonskrigane. Realpolitiske omsyn – fordeling av byrder og vinstar etter krigsinnsats og dei lovnadene som var

gitte – vog når alt kom til alt langt meir enn idear og prinsipp, om tanken om folkesuverenitet og retten til nasjonal sjølvrådrett aldri så mykje var i vinden.

Dette hadde både Christian Frederik og dei av Eidsvollsmennene som hadde eit visst oversyn over stormaktspolitikken for lengst innsett då grunnlova blei underteikna 17. mai. Det var likevel eit visst håp om at ting kunne gå i Noreg si retning – krigen var enno ikkje endeleg avslutta, og det var vanskeleg å føresjå korleis det endelege Europakartet ville bli sjåande ut. Ein modifikasjon eller ei tillemping av Kieltraktaten var slett ikkje utenkeleg i denne situasjonen. Det kunne framleis vera håp om å påverka stormaktene, og nettopp dette var føremålet då Christian Frederik i mars sende ein av sine næraste medarbeidarar, Carsten Tank Anker (1747-1824), til London. Anker og Christian Frederik var fortrulege vener frå København, der førstnemnde hadde gjort karriere i embetsverket og blitt adla; Anker eigde dessutan Eidsvoll jarnverk, der hovudbygningen blei åstad for den norske grunnlovgjevande forsamlinga.

Anker sitt oppdrag var å tala Noregs sak andsynes den engelske regjeringa, og han blei etterkvart assistert av broren Peter, tidlegare konsul i London og guvernør i den dansk-norske kolonien Trankebar i India. Men britane nekta å anerkjenna Carsten Anker som offisiell norsk utsending så lenge Christian Frederik oppheldt seg i Noreg. Han var jo framleis dansk kronarving, sjølv om ein i Noreg allereie på stormannsmøtet på Eidsvoll 26. februar hadde slått fast at posisjonen hans ikkje skulle kvila på den kongelege arveretten, men på folkets vilje slik den blei forvalta av Riksforsamlinga. Frå svenskane og deira allierte sin synsvinkel var nærværet hans i landet uansett sett på som eit ope brot på avtalen om at danskane skulle gi over landet til Sverige. Anker fekk i London signal om at britane ville strekka seg langt når det gjaldt å gi Noreg gode vilkår i høve til Sverige, men ein absolutt premiss var at prinsen drog frå landet. Dette verken kunne eller ville Anker gjera noko med, så no gjekk han frå å konsentrera seg om den britiske regjeringa til opposisjonen.

10. mai held opposisjonsleiaren Earl Grey ein flammande tale i det britiske Overhuset for at regjeringa skulle jobba for å «befri Norges Folk», eit folk som ikkje hadde gått til åtak på nokon. Bak engasjementet til Grey sto mellom anna Anker, men det heile kunne få ein såpass stor patos og appell fordi han spelte på strengar som alt var spente: Tankar frå opplysningstida om folkeretten - at *folk* eller *nasjonar* hadde rett til sjølv å avgjera lagnaden sin, at dei ikkje kunne behandlast som «ein flokk kveg» som Earl Grey uttrykte det, hadde stor appell i samtidas England.[1] Men det hjelpte lite at Grey engasjert målbar eit syn som òg sto sterkt i breie krinsar; han blei nedrøysta med stort fleirtal i Overhuset, det same blei saka då ho like etter var oppe i Underhuset. Trass i at *prinsippa* om folkerett sto sterkt, vog det tyngst å oppfylla lovnadene til Sverige. Anker observerte likevel framleis utstrakt sympati for

Noreg også rett under overflata innan regjeringa, og han heldt fram med å verka i London.

«det norske Folks befuldmægtigede»

Christian Frederik mista ikkje trua på at ein offensiv overfor London kunne gi resultat. Han sette dermed 25. mai ned eit utsending, *det norske Folks befuldmægtigede hos den engelske Regjering for at overbringe Underretning om Rigsforsamlingens Udfald, om Norges Konstitution, Kongevalget og det norske Folks bestemte Vilje at forsvare sin Selvstændighed* (Nielsen 1904: 246-247; jf. brev frå Christian Fredrik til Carsten Anker datert Kristiania 28. mai, Anker (red.) 1901: 25). I eit klima der tankar om folkerett (i prinsippet) sto høgt i kurs meinte Christian Frederik det kunne gjera inntrykk med ei utsending som ikkje berre representerte ein konge, men som representantar frå Riksforsamlinga – eit heilt folk. Den nyvalde norske kongen gav oppdraget til ein statsråd, Niels Aall (1769–1854), og to av medlemmane av riksforsamlinga, konsul og kjøpmann i Stavanger Peder Valentin Rosenkilde (1772-1836) og sorenskrivar Wilhelm Frimann Koren Christie (1778–1849) frå Bergen. At målet var London var ganske opplagt. I tillegg til at det var hos britane ein trudde det var mest å henta, var også dei prøyssiske og russiske regentane samt andre representantar for stormaktene i den engelske hovudstaden (Aall 1911: 181).

Appellen til «De forenede Magter» skulle bestå i å minna om dei «Grundsætninger, som hidtil havde ledet dem i Kampen for Folkenes Rettigheder og Frihed» (1904: 247). Vidare skulle utsendinga få i stand ei oppheving av dei allierte sin blokade. Denne situasjonen gjorde at engelske skip låg langs Noregs kyst for å hindra handel, ikkje minst den livsnødvendige korntilførsla til landet. Utsendingane skulle dessutan forhandla om gode tilhøve og vern av norsk handel og skipsfart. Endeleg skulle ein få til ei nedsetjing av tollen i England samt ta opp eit større lån til den tomme norske statskassa. (Nielsen 1904: 248). Delegasjonen fekk med seg brev til både den engelske kongen, regjeringa og representantar for stormaktene (Aall 1911: 182).

Korfor var det så nett Aall, Rosenkilde og Christie som blei dei norske utsendingane til England? Niels Aall hadde i sin ungdom fått si utdanning i handel i Paris og London, og blei ein av dei leiande trelasthandlarane i Noreg. I 1814 blei han med i Christian Frederiks regjeringsråd som sjef for handels- og tolldepartementet og 19. mai blei han utnemnd til statsråd i den nye regjeringa. Han blei rekna som ein av dei sterkaste mennene i regjeringa og krinsen kring Christian Frederik og 25. mai blei han altså utnemnd til formann i delegasjonen til London. Aall må altså trygt kunna seiast å vera ein sentral person for Christian Frederik, eit naturleg val i ein diplomatisk delegasjon. Peder Rosenkilde, verkar mindre opplagt, han blei ikkje rekna som ein tung-

vektar på Eidsvoll, men om han ikkje tok ordet i forsamlinga utmerkte han seg i alle høve gjennom applaus og entusiastiske tilrop som ein dedikert sjølvstendemann. Denne entusiastiske kjenslemessige oppslutninga om sjølvstendet og Christian Frederik var truleg ein viktig grunn til at han blei ein av dei tre utsendingane (Storsveen 2003).

Wilhelm Frimann Koren Christie hadde hatt ein sentral posisjon på Eidsvoll som førsterepresentant for Bergen, han var ein solid sjølvstendemann og støttespelar for Christian Frederik, og han hadde vist seg som eit dugande emne som sekretær for Riksforsamlinga. Han hadde djupe røter både i bergensk og kristiansundsk kjøpmannsstand samt i vestlandske embetsmannsslekter, og hadde gjort karriere i den danske sentraladministrasjonen (Danske kancelli), før han i 1809 vendte tilbake til Bergen, der han blei sorenskrivar i Nordhordland. Både innsatsen som sekretær på Eidsvoll, den tydelege posisjonen blant sjølvstendemennene og kunnskapar i statsstyre og engelsk språk, har nok vore viktige for at han blei ein del av delegasjonen. Dei tre fekk i oppdrag å dra til Kristiansand der dei skulle prøva å komma seg over til Skottland og derfrå til England (Aall 1911: 182).

Omtrent samtidig kom ein britisk diplomat, John Philip Morier, til landet. Han var sendt til Noreg med instruks om å presisera at England ville stå ved sine lovnader til Sverige, men at dei samtidig ville ta omsyn til det norske folks «Lykke og Frihed» (Nielsen 1904: 249). Langs kysten låg ikkje berre engelske krigsskip for å blokkera norske skip for inn- og utreise, også svenske kaperskip låg klare. Å ta seg ut frå den norske kysten var dermed lettare sagt enn gjort – utsendinga kunne like gjerne risikera å enda opp i Sverige som på dei britiske øyane. Dette hadde Aall ytra overfor kongen, og delegasjonen fekk då løyve til å innleia forhandlingar med sjefen for «Blokeringseskadren» om å få fritt leide til Skottland. (Aall 1911: 183). Men då Morier kom til Christiania fekk Christian Frederik overtalt han til ei anna løysing, og det blei sendt ein kurer til utsendinga i Kristiansand med bod om at dei no skulle få reisa med briggen som hadde brakt Morier til landet. At Morier hadde gått med på dette var endå ei oppmuntring som gav håp om britisk velvilje. Delegasjonen drog ut til Flekkerøy utanfor Kristiansand og skulle få skyss med dette skipet, men av ulike grunnar gjekk det ikkje slik; skipet var allereie i ferd med å forlata kysten, og delegasjonen drog inn att til Kristiansand. Ein fekk ved hjelp av ein lokal sjømann som sendebod i staden brakt ein førespurnad til «Chefen for den engelske Blokerings Eskadre» (Aall 1911: 185) der ein gjorde greie for situasjonen og bad om skyss med eit av skipa over til England eller Skottland. Svaret var meir positivt enn ein hadde venta, eit av dei mindre skipa i eskadren skulle straks av stad til Leith – Edinburghs hamneby – for å utbetrast, og kunne ta opp utsendinga ved Flekkerøy.

Peder Rosenkilde hadde i mellomtida besøkt familie, men var no komen tilbake til Kristiansand. Forutan dei tre utsendingane besto følgjet også av skipskaptein Christian Kruuse frå Borge i Gjerpen (i dag Porsgrunn) (1771-1827) som skulle nyttast som kurer om det trongst, og legen Herman Treschow Gartner (1785-1827).[2] Sistnemnde hadde vore regimentskirurg i hæren og var stadsfysikus i Nedenes Amt, med bustad Arendal, og då han hadde gode kontaktar i Edinburgh blei han del av delegasjonen, der han skulle ha «en Secretairs Rolle» (Aall 1911: 185). Bakgrunnen for dette må ha vore at han i 1811 og 1812 hadde studert medisin i London og Edinburgh (Larsen (red.) 1996, b. II: 250-251).

Britane tilrana seg eller øydela storparten av flåten under overfallet på København i 1807.

Christie si reisedagbok

Av dei viktigaste kjeldene til historia om utsendinga er Niels Aall sine memoarar nedskrivne 1840-41 (publisert 1911) og W. F. K. Christie si dagbok frå første del av reisa som eg har transkribert og som for første gong blir publisert i denne utgåva av Bergensposten. Dagboka gir ikkje radikale nye innsikter i historia om 1814, noko som vel er grunnen til at ho ikkje har vore prenta før. Ho gir likevel eit levande bilete av sjølve overfarten og til dømes av den britiske blokaden av Norskekysten som gjer at ho kan vera interessant for fleire lesarar enn dei som finn vegen til Christie sitt privatarkiv på Riksarkivet. Dagboka tar til i det utsendingane er på Flekkerøy og skal til å reisa ut til skipet som skal føra dei over Nordsjøen.

Christie beskriv korleis nordmennene blei vel mottatt av britane, så vel av kaptein Brine på briggen Shelldrake som var skipet dei skulle fara med, som av sjefen for blokadeskipa i området, admiral Kenneth Mackenzie som inviterte dei om bord på fregatten Venus, som var eit av skipa britane hadde tatt under det såkalla flåteranet i København i 1807.[3] Besøket vakte dårlege minne hos Christie, som hadde opplevd bombardementet av København sju år tidlegare, og han skreiv at «det skar mig i Hjertet naar jeg tænkte paa, hvorledes Danmark var bleven skilt ved dette og sine øvrige, herlige Krigs-Skibe». Røynslene frå den brutale hendinga og terrorbombinga av den danske hovudstaden då 200 sivile liv gjekk tapt (Glenhøj 2012: 76), har naturleg

nok farga Christie sitt syn på britane. Han hadde tidlegare ikkje kunne førestilla seg ein britisk sjøoffiser «uden som en stolt frastødende Person». No blei dei godt mottatt så han skamma seg over den tidlegare oppfatninga. Christie beskriv både Brine og Mackenzie som venlegsinna til Noregs sak, og det norske reisefølgjet blei overraska over at sistnemnde hadde eit portrett av Christian Frederik hengande om bord i skipet. I følgje Niels Aall hang dette saman med at «[h]an havde forbeholdt sig selv den lille Deel af et norsk Prise [= konfiskert gjenstand, bytte] Han nyelig mod sin Villie havde giort» (Aall 1911: 186).

Eg skal ikkje gå nærmare inn på alle detaljane i reiseskildringa til Christie, berre nemna nokre få episodar. Den sentimentale passasjen der Christie sto på dekket i det Shelldrake for til havs og såg tilbake på det norske landskapet, er av det meir patos-fylte den elles ganske så nøkterne Christie skreiv. Han teiknar her eit bilete av at det blant det norske folket fanst mange nøysame og lykkelege edle sjeler med mot og fedrelandskjærleik, og blei heimsøkt av tanken på at desse no kunne tenkast å bli råka av «Vold og Rænker». Han såg for seg at straumar av blod ville flyta, og bad til Gud om at han måtte finna sitt «elskede, inderlig elskede Norge, lykkeligt og frit naar jeg kommer tilbage, eller og at jeg nu for sidste gang maatte see det!». Våren 1814 var som historikaren Mona Ringvej har peikt på ei tid for dei store kjenslene, tårene rann når ein snakka om Noreg, folket og nasjonen (Ringvej 2012). Christie var kan henda ikkje den som i første rekke bidrog til denne tåreflaumen, men denne passasjen viser at det også hos han låg ein sterk emosjonalitet og patos til grunn – noko han altså valde å formidla i dette fortetta biletet av seg sjølv på Shelldrakes dekk skodande tilbake på fedrelandet. Jens Arup Seip har peikt på korleis ein på våren og ikkje minst utover sommaren og hausten 1814 fekk ein beint fram «svulmende retorikk», og han nemner nokre døme på kjensleladde utsegner om å kjempa til siste mann. Seip ser i slike passasjar «en nasjonal bevegelse stivnet i hysteri, som det gjerne går når en bevegelse støter mot veggen.» (Seip 1974: 52). Seip viser nokre endå meir utflytande døme på dette, men Christie si utgyting må vel likevel oppfattast som del av same tendens. Samstundes kan ein også oppfatta slike passasjar som uttrykk for litterære ambisjonar, og at han ikkje berre såg for seg venene i selskapsforeininga Qvodlibet heime i Bergen som lesarar, men òg tenkte på teksten som ei potensiell hovudkjelde til ein av dei sentrale hendingane i nasjonens historie. Det siste skulle slå skammeleg feil; dagbokas brå slutt før reisemålet var nådd, vitnar om at Christie sjølv blei smerteleg klar over det.

Overfarten til Leith var, i følgje Aall, for årstida både langvarig og stormfull, men han meinte til gjengjeld nordmennene kunne nyta «saa megen Opmærksomhed og Godhed af Skibets hele Besætning, at den befandt sig som blandt sine Landsmænd.» (Aall 1911: 187). Det einaste avbrotet frå denne

harmoniske stemninga var då briggen eine natta møtte på eit framandt skip, og det blei gjort klart til strid. Den nestkommanderande på Shelldrake trudde det var amerikanarar, og i følgje Aall fryda han seg over høvet til å komma i kamp med «disse Englands farligste Rivaler, og derved vinde enten Død eller Forfremmelse.» (Aall 1911: 187). I Christie si oppsummering av denne episoden teiknar han eit lite flatterande bilete av Peder Rosenkilde sin noko hysteriske reaksjon. Men det spørst vel om ikkje Niels Aall har rett når han fortel at *ingen* i den norske delegasjonen, «følte sig henreven av nogen Tapperhedsdrivt, tvert imod delibererede man om at søge ned i Lazarettet, som ansaaes meget sikkert for fiendtlige Kugler, for at undgaa all Deeltagelse i den blodige Commerce.» (Aall 1911: 187). Resten av ferda gjekk rolig for seg, og dagboka til Christie gir innblikk i det kvardagslege og selskapelege livet om bord, mellom anna kan han fortelja at det norske reisefølgjet ved fleire høve song «For Norge, Kiæmpers Fødeland» av Johan Nordal Brun for dei i følgje Christie entusiastiske britiske tilhøyrarane.

Christie skildrar så reisa forbi det vidgjetne fyrtårnet Bell Rock og inn fjorden Firth of Forth til Edinburghs hamneby Leith. Tippoldefaren til Christie var fødd og oppvaksen i byen Montrose lenger nord på austkysten av Skottland (sjå mellom anna Christie 1964). På bakgrunn av at Christie-slekta gjennom fleire generasjonar heldt på kontaktane til Skottland – farbroren Werner Hosewinckel Christie (1746-1822) hadde vitja landet så seint som på slutten av 1700-talet – er det noko merkeleg at Christie ikkje reflekterte over



Fyrtårnet Bell Rock

den slektshistoriske tilknytinga til landet i samband med skildringa av opphaldet i Leith og Edinburgh. Ein mogleg grunn er at han i lys av den politiske situasjonen har villa unngå å framheva dei britiske røtene.

I Leith fekk ein først klarsignal om å stiga i land av hamne-admiralen, men førebels ikkje til å reisa mot London. Følgjet tok då losji i Leith, men fekk seinare same dag besøk av tolldirektøren (eller som Christie skreiv «Collector of the Port») som ikkje var samd i admiralen si avgjerd. I følgje Aall hadde Home Department i London høyrd om delegasjonen som skulle komma, og då ein ikkje akta å gå i forhandlingar med dei norske «opprørarane», hadde ein sendt ut ordre til alle tollstasjonar i England og Skottland om å stogga utsendinga og setja ho under streng oppsikt. (Aall 1911: 188). I følgje Christie fekk dei lov til å bli sidan dei først var komne i land, mot at dei ikkje skulle forlata Leith og Edinburgh. Tolldirektøren venta på nærmare instruksar frå styresmaktene i London. Me merker oss følgjande frå Christie si beretning: «De øvrige Rejsende gave ham Æresordet, men jeg sagde, at jeg havde givet mit til Admiralen.» Her ser ein på den eine sida den formalistiske sida av Christie, på den andre sida den påståelege og ikkje ettergivande – ein kombinasjon av eigenskapar som kanskje særleg kom til syne då han seinare same år som Stortingspresident med myndig hand leia nasjonalforsamlinga og forhandlingane med svenskane. Opphaldet var elles etter Christie si meining så godt som eit fangenskap kunne vera, og ein fekk endåtil smakt på «Highland-whisky, en meget spirituos Drik, som G[artner] recommanderede». Ordren gjekk på at ein måtte halda seg på hotellet frå 10 om kvelden til 10 på morgonen (i følgje Aall). Gartner var kjentmann i byen, han introduserte reiseføljgjet for både lokale kjende, for skotske og britiske skikkar og for byen Edinburgh. Christie si dagbok endar med ei inngåande skildring av eit besøk i det skotske Court of Sessions, som heldt til i bygget der det skotske parlamentet hadde samlast før det blei oppløyst då Skottland slutta å vera eit eige kongedømme i 1707.

Mot London

Dei vidare hendingane må me altså rekonstruera ut frå andre kjelder enn Christie si dagbok, som Niels Aall sine livsminne og Carsten Anker si brevveksling med Christian Frederik. I følgje Aall tok den danske visekonsulen i Edinburgh kontakt med reiseføljgjet og bidrog med å få sendt meldinga om at delegasjonen var landa i Leith til Anker i London med ein privat ilpost som med ein gong drog frå byen. Bodskapen var at delegasjonen var komen til Edinburgh og at dei trong reisepass som private reisande. (Aall 1911: 188-189). Slik kom ein tollinspektøren si melding, som gjekk med den vanlege posten, i forkjøpet. Delegasjonen låg såleis og venta i Leith: «Omtrent 6 Dage tilbragte Deputatjonen i dette halve Fangenskab, under hvilket Den dog nød daglige Beviser paa den skots-

ke Gjestfrihet og varme Følelse for Norges Sag, saa at Deputatjonen under andre Omstændigheter vilde have tilbragt denne Tid meget behageligt.» (Aall 1911: 189).

Carsten Anker fekk i London brevet frå utsendingane om at dei var komne til Leith, og via den danske konsulen ordna han då med reisepass for dei som private reisande. (Anker (red.) 1901: 350). Anker uttrykte i brev til Christian Frederik undring over manglande kommunikasjon i det britiske embetsverket: The alien office utsteda straks reisepassa til nordmennene, noko som jo var stikk i strid med ordrane The privy council hadde gitt til tollstadene om å stogga den norske sendeferda (Anker (red.) 1901: 350). Passa blei sendt av garde til Leith der Aall viste dei til tolldirektøren samstundes som han gjorde merksam på at deputasjonen no hadde gitt opp si offentlege rolle og måtte vera å oppfatta som private reisande. (Aall 1911: 189). Sendeferda drog straks av stad mot London. I ettertid fekk dei, i følgje Aall, høyra at det allereie dagen etter var kome post til Leith om at ein skulle nekta delegasjonen å reisa vidare og så snart som mogleg senda dei tilbake til Noreg. (Aall 1911: 190). Men at følgjet fekk reisa bar slett ikkje bod om noko løysing.[4] Det var ikkje særleg meir å oppnå i London, dette var i og for seg i ferd med å bli klart allereie då utsendinga drog frå Noreg.

Mot krig

I Kristiania gav i mai og juni den britiske utsendinga Morier Christian Frederik rettnok eit visst håp om velvilje frå engelsk hald. Sistnemnde sa på si side at ei eventuell mekling frå britisk hald måtte ha som føresetnad at eit Storting fekk ta stilling til meklingsresultatet. Allereie 13. juni sendte han ut eit rundskriv til biskopar og andre embetsmenn om å førebu manntal over røysteføre og førebuing av stortingsval (Nielsen 1904: 256). Som mellom anna historikaren Yngvar Nielsen har peikt på var sjølve det faktum at det no fanst ein norsk part å forhandla med, ein part som ikkje berre var Christian Frederik, men også ei grunnlov og eit Storting, ei følgje som gjorde det vanskeleg å tvinga gjennom ei løysing heilt over hovudet på nordmennene (Nielsen 1904: 260). Men det var eit element det blei klarare og klarare at det ikkje gjekk å forhandla om: Sigersmaktene kunne ikkje tillata ei løysing der Christian Frederik fekk nokon posisjon.

Allereie 18. mai var Christian Frederik underretta om at stormaktene (Russland, Austerrike, Preussen og Storbritannia) kom til å senda ei firemanns utsending som skulle syta for at Kieltraktaten blei fullbyrda. (Nielsen 1904: 264, Dyrvik 2005: 92). Dei var først innom København, der danskane overtydde dei om at dei hadde overhalde sin part av premissane i fredsslutninga, før dei 1. juli kom til Bygdøy der Christian Frederik heldt hus. (Koht 1914: 287). Etter rådføring med statsrådet gjorde regenten det klart for desse såkalla kommisærane at han ville abdisera, at eit storting skulle innkallast, at svenskane måtte godkjenna

Peder Valentin Rosenkilde (1772-1836) frå Stavanger var Eidsvoldsmann og forhandlar saman med W.F.K. Christie.

grunnlova og at hæren skulle trekka seg ut or området aust for Glomma, men nemnde ikkje eit sentralt punkt som grensefestningane med eit ord. Kommisærane skal ha prøvd å overtala Carl Johan til å strekka seg langt, men han var ikkje til å rikka. Tilbodet han gav nordmennene var ein union utan ei konkret utlegging av kva posisjon Noreg ville få (Nielsen 1904: 276-278). Svaret kunne ikkje Christian Frederik gå med på. Det var no slutten av juli, og det var duka for krig.

Med halen mellom beina

Då Christie, Rosenkilde og Aall endeleg kom til London 21. juli, var dei altså alt for seint ute. Diplomatiet gjekk no føre seg fram og tilbake over den norsk-svenske grensa. I London var det ingenting å henta. Dei var heller ikkje velkomne, og opphaldet blei kort: Dei kom til London om kvelden og drog der frå igjen kl. 12 dagen etter. (Anker (red.) 1901: 357).

Følgjet fekk besøk av førstesekretæren i Indredepartementet, som etter å ha blitt overlevert adressa frå Christian Frederik og høyrt ein kort presentasjon av Aall, svara at det einaste engelskmennene kunne tilby deputasjonen var fritt leide sjøvegen tilbake til Noreg igjen. Han la til at både Moriers og «Eskadrechefen» ved Kristiansand sin velvilje når det gjaldt å få sendt deputasjonen av stad «i høi Grad misbilligedes», og at den engelske regjeringa slett ikkje ville bryta sitt ord til Sverige (Aall 1911: 190-191). Etter å ha høyrd utsendinga gjera greie for «den norske Nations sande Stemning» og forklart at handlingane i Noreg ikkje var eit dansk initiativ, skal han ha ytra sympati for Noreg si sak og ytra «at hvis Norge kunde udholde Kampen for sin Selvstændighed til den om 2 à 3 Maaneder derefter forestaaende Wiener-Congress, turde Han give Formodning om, at Engeland mueligens vilde forandre Sit nu fulgte System.» (Aall 1911: 191). Men når det gjaldt sendeferda sin lagnad var britane sin reaksjon kontant. Dei blei bedne om å dra til hamnebyen Yarmouth, for derfrå å reisa tilbake til Noreg med eit armert skip. Etter ei natt i London måtte så utsendinga forlata London (sjå m.a. Anker (red). 1901: 492). I Yarmouth blei dei godt oppvarta, og fekk ta inn på «et af de første Hoteller» (Aall

1911: 192). Medan dei var der hadde dei i følgje Aall glede av å lesa i ei av avisene om Lord Grey sin flammande kritikk av måten regjeringa hadde behandla den norske utsendinga på (Aall 1911: 192).

Etter seks dagar i Yarmouth kunne dei reisa vidare og også denne gang «leed Deputatjonen den Ydmygelse at maatte betræde et den dansk norske Regjering fraranet Skib.» (Aall 1911: 193). Dei fekk godt ver slik at reisa til Flekkerøy var unnagjort på tre dagar. Derfrå drog dei så over land til Kristiania. Dagen etter drog ein til Moss, der hovudkvarteret til Christian Frederik og regjeringa no låg og der fredsavtalen – etter vel to vekers krigføring med svenskane – blei underteikna 14. august (Mossekonvensjonen).

Christie si dagbok frå reisa over Nordsjøen og opphaldet i Leith inneheld meir av ei fargelegging og eit interessant kulturhistorisk innblikk i reisa og tilhøvet mellom nordmennene og britane enn grunnlag for ei omtolking av hendingane sommaren 1814. At dagboka endar brått i Leith – før reisa går vidare til London – seier vel mest om kva for eit nederlag Christie og den norske deputasjonen såg det korte opphaldet i London som. Utsendinga var eit av dei store blindspora i året 1814 – og Christie følte seg nok neppe meir sett på sidelinja enn då han saman med dei andre norske utsendingane sommaren 1814 måtte dra slukøyra heim. Det som i det heile blei oppnådd i London i 1814 var det først og fremst Carsten Anker – ikkje Christie, Rosenkilde og Aall – som sto bak.

Om Christie frå mai til august, frå Eidsvoll til Moss var plassert heilt på sidelinja av dei viktige hendingane, skulle dette endra seg i månadene som følgde. Det var på stortinget og i forhandlingane med svenskane hausten 1814 Christie sine evner som diplomat og statsmann skulle komma til sin rett. Men det er altså ei anna historie.

Sluttnoter:

1) Eg bygger her på Ruth Hemstad sitt innlegg på seminaret «Frihetens forpost? Folk og elite i Norge før og etter 1814» på Norsk folkemuseum 1. og 2. november 2012. Kvegmetaforen stammar frå Emmerich de Vattels innverknadsrike *Droit des gens* frå 1758 (på engelsk *The Law of Nations,* 1760).

2) Digitalarkivet, Folketeljinga 1801 for Gjerpen. Kruuse førte i 1796 «De fire brødre» for Nicolai Benjamin Aall og i 1806 «Die Schwalbe» for Jacob Aall (Gard Strøm: Bygde- og slektsbok for Gjerpen, http://www. gamlegjerpen.no/) Det er altså sannsynleg at det er kjennskapet til Aall-familien som gjorde at Kruuse blei vald. Takk til Kenneth Bratland som har funne desse opplysningane.

3) Niels Aall kallar fregatten for «Freya» medan Christie kallar han «Venus". Britane skal ha tatt både ein fregatt ved namn Venus og ein ved namn Freia frå danskane under flåteranet i København 1807 (Christiansen 2010: 173 og 181), men det var på

førstnemnde Kenneth Mackenzie var kaptein (Marshall 1825: 900). Her er altså Christie si dagbok meir påliteleg enn Aall sine memoarar. Takk til Jesper Lillelund ved Statens Forsvarshistoriske Museum, København for hjelp til å finna desse opplysningane

4) Sjå elles brev frå Carsten Anker til Lord Grey (Anker (red). 1901: 489-493) når det gjeld kva som skjedde i London og Anker sitt syn på dette.

Litteratur:

Anker, Carl Johan (red.). (1901). *Christian Frederik og Carsten Ankers Brevveksling 1814 samt Uddrag af deres Breve fra 1801-13 og fra 1815-1817.* Christiania: Aschehoug. (Digital versjon på www.bokhylla.no.)

Christiansen, Henrik. (2010). *Orlogsflådens skibe gennem 500 år. Den dansk-norske flåde 1510–1814 og den danske flåde 1814–2010. Bind I Sejlførende skibe.* København: Statens Forsvarshistoriske Museum.

Christie, Helga. (1964). *Slekten Christie i Norge. Supplement til W. H. Christie's Genealogiske optegnelser om slægten Christie i Norge 1650-1890.* Oslo.

Dyrvik, Ståle. (2005). *Året 1814.* Oslo: Samlaget.

Glenthøj. Rasmus. (2012). *Skilsmissen. Dansk og norsk identitet før og efter 1814.* Odense: Syddansk Universitetsforlag.

Gjeruldsen, Ole H. (2005). Niels Aall, i *Norsk biografisk leksikon, b. 10.* Oslo: Kunnskapsforlaget. (Digital versjon: www.snl.no)

Koht, Halvdan. (1914). *1814. Norsk dagbok hundre aar efterpaa.* Kristiania: Aschehoug. (Digital versjon: www.bokhylla.no.)

Larsen, Øivind (red.). (1996). *Norges leger, b. II.* Oslo: Den norske lægeforening.

Marshall, John. (1825). Royal Naval Biography. London: Longman.

Nielsen, Yngvar. (1904). *Norge i 1814.* Christiania: Stenersen. (Digital versjon: www.bokhylla.no.)

Ringvej, Mona. (2012). 1814 og opplysningen. I: *Kunnskap og opplysning – til nytelse og nytte: Jacob Aall-prosjektet,7*: 7–23.

Seip, Jens Arup. (1974). *Utsikt over Norges historie, b. 1.* Oslo: Gyldendal.

Steen, Sverre. (1951). *Det frie Norge, b. 1.* Oslo: Cappelen.

Storsveen, Odd Arvid. (2003). Peder Rosenkilde, *i Norsk biografisk leksikon, b. 7.* Oslo: Kunnskapsforlaget. (Digital versjon: www.snl.no.)

Aall, Niels. (1911). *Niels Aalls Erindringer fra 1814. Egenhændige Optegnelser fra hans Virksomhet som Statsraad.* Kristiania: Cappelen. (Digital versjon: www.bokhylla.no.)

Wilhelm Frimann Koren Christie:

Dagbog, holdt paa en Rejse fra Christiansand til London 1814, -

Junii 29de

Længselfuld besteeg jeg Højen, hvor Flekkerøe Telegraph staaer, for at spejde, om ikke Briggen, der skulde føre meg over til mine venlige Fiender, nærmede sig og gjorde Signal. Dagen var blid, Luften klar. Jeg nød det herlige Syn, at see 3 Fregatter og en Brig at styre ind til Landet. Ofte stillede jeg Kikkerten paa Briggen, men intet Signal var at see. Glad over Briggens Nærmelse og frygtsom for at den skulde vende fra Land uden at tage mig med, gik jeg ned til Flekkerøe, tog Afsked med Madame Kjelland og rejste ud til en Holme udenfor ydre Flekkerøe for at vente paa Signal fra Briggen. Paa denne Holme fangede jeg den skjønne, i Norge sjeldne, Sommerfugl papilio Spinx, men da jeg ikke havde noget at forvare den i, maatte jeg give den sin Friehed igjen. Briggen, som nu var tæt inde ved Skjærene, gav Signal. Farvel norske Grund! Farvel Capt. Didrichson og dine raske, norske Søemænd, som fulgte os hertil. Du gave os et lydeligt, 3 dobbelt, Hurra, som Fjeldene sagtere og sagtere gjentoge. I et Øjeblik var jeg ombord paa Sheldrake. Captainen, Brine, den næstcommanderende, Evens, og de øvrige Officerer, modtoge os meget høfligt, saa høfligt, at jeg skammede mig over, aldrig at have tænkt mig en engelsk Søe-

W. F. K. Christie i 1814

Officeer uden som en stolt, frastødende Person.

Da vi fortalte Captainen, at vi havde i Sinde at gaae ombord paa Fregatten Venus for at complimentere Commandeuren, Capitain Mackenzie, var han saa artig, at følge os ombord. Mackenzie modtog os med megen Høflighed. Han var en midaldrende Mand, som, uagtet de mange Skrammer, der kryd-

sede hinanden paa hans

[s. 2]

Ansigt, havde et meget blidt og godt Udseende.

Da vi takkede ham for hans Høflighed og Godhed, at skaffe os over til England, sagde han, at vi ikke havde noget at takke for, da han blot havde gjort hvad der var hans Pligt. Han underrettede sig nøje om Norges Sindelag med Hensyn til Sverrig og om de fornemste Bestemmelser i Norges Constitution. Han ønskede Norge al muelig Held mod Sverrig. Hans Kone var ombord hos ham, en ung, mere tækkelig, end smuk Kone. I Spejlen i hans Kahytte, lige over hans Sopha, hængte vor gode Konges Christian Frederiks, Portrait. Mackenzie spurgte meget om det ligner; og da vi besvarede dette med ja, og i øvrigt fortalte ham Kongens sjeldne Egenskaber, lod han til at blive meget fornøjet, og at være indtaget i Kongen.

Alting ombord i Fregatten var nydeligt. Capitainen sagde, at det var et meget godt Skib. Med Veemod betragtede jeg Skibet; og det skar mig i Hjertet naar jeg tænkte paa, hvorledes Danmark var bleven skilt ved dette og sine øvrige, herlige Krigs-Skibe.

Efter en halv Times Ophold skiltes vi fra Commandeuren; som ønskede os al muelig Held paa vores Rejse.

Vi bleve siden budne ombord at spise til Middag hos Mackenzie; men da der var temmelig svær Søegang, og vi frygtede for Søesyge, bleve vi ombord i Briggen.

Om Aftenen Kl. 7 satte vi udover til Søes. - Jeg blev oppe paa Dækket saa længe jeg kunde see Norges Fjelde. Jeg kunde ikke, uden med den største Veemod, skilles fra dem. Tanken om, hvormangen høj og ædel Sjel der boer iblandt dem, hvormeget Mod og Fødelandskjerlighed der luer, hvormange nøjsomme og lykkelige Mennesker der nu sysle, imellem dem, oplivede og glædede mig; men Forestillingen om, at Vold og Rænker mueligen skal kunne undertrykke dem og gjøre dem deres Tilværelse til en Byrde, og at Strømme af Blod mueligen ville flyde gjennem rige Agre, hvis Afgrøde nedtrampes under Hestehoven, medens de, der havde retmæssig adkomst til Høsten, som Løn for deres Sveed, raabe højt om Brød og ikkun forhaanes af en overmodig Fiende uden at mættes, denne skrækkelige Forestilling vilde ikke vige fra mig! Jeg bad oprigtig til Gud,

[s. 3:]

at han vilde mage det saa, at jeg enten maatte see mit elskede, inderlig elskede Norge, lykkeligt og frit naar jeg kommer tilbage, eller og at jeg nu for sidste gang maatte see det! og i denne Tanke tog jeg en venlig Afskeed fra de mange kjere Venner, jeg i mit Fødeland efterlader, og hvis Billeder jeg i det Fjerne syntes at skue, som om de stode der for at sige mig Farvel.

Efter at have converseret en Tid med Captainen og Officererne og hørt deres varme Ønsker for Norges Vel, gik jeg

til Køys i Kahytten, som Captainen var saa artig at overlade A. G.?? og mig.

Officererne ombord i Briggen vare Brine, Evens (George Evans/ Edward)?? Midshipmen Moss og Thomsen, Master Scott, Purser Bieter og Dr. Thod. Som Passageer fra Fregatten Venus fulge med en Marine Lieutentant Douglas, en Higlander.

Juni 30te

Om Morgenen da jeg kom op stod vi indad mod Land, da Vinden var Vestlig og altsaa contrair. Henimod Middag kom vi tæt under Skjærene ved Svinøer. Captainen sagde, at hvis Vinden continuerede saaledes vilde han gaae ind i Havn, da det blæste temmelig haardt. Han lagde imidlertid udover; og da Vinden gik om til Nordvest, satte han Cours over til Engeland.

Julii 1ste

Vinden vedblev omtrent som forrige Dag, og vi holdt ungefær samme Cours. Om Natten Kl: mellem 12 og 1 blev alle Mand purrede ud, og der blev gjort klart Skib, da en svær Brig gjorde Jagt og bar ind paa oss uden at besvare de Signaler, vi gjorde. - Alle Passagererne maatte ind i Vores Kahytte. K:, G og R. stode op. A og jeg bleve liggende. Captainen troede det maatte være en Amerikansk Fregat. Kanonerne var ladte og enhver Mand stod roelig og færdig til, paa første Vink, at give det glatte Lag. Ingen af Passagererne var vel til Mode; men R: var aledes decontinenceret. - I Mørket stødte han paa en Stol, der stod foran min Køye; og han raabte og retirerede som om det var en Amerikaner, der vilde tage fat paa ham. Han søgte derpaa Tilflugt i min Køje; og da han mærkede paa min Bevægelse og Stemme, at der var et Menneske i samme, blev

[s. 4]

han endnu mere forskrækket. Uagtet jeg forsikkrede at det var ingen anden end mig, kunde han ej recolligere sig førend efter en rum Tid. Han jamrede og beklagede sig meget over, at han skulde være saa uheldig, at komme med denne Brig og med den i en Bataille, og denne Beklagelse fandt han Lejlighed til at tude mig i Øret, da han just fik stikke sit Hoved ind imellem mit og min Hovedpude. Jeg bad ham meget at holde sig roelig indtil han havde hørt om vi kom i Bataille, hvilket jeg formeente, at Kanonerne vel vilde bebude ham; men han besvarede mig blot med Bejamrelse og Beklagelse over hans Uheld. Jeg lod ham da være i sin Uroe, og gav mig til at tænke paa, hvad jeg vel skulde gjøre dersom det kom til Bataille. Jeg var omtrent bleven enig med mig selv om at jeg skulde søge ned til Doctoren og enten assistere ham eller da jeg var en studeret Person, agere Præst, da i det samme jeg hørte raabe i en Raabert, who are you? Hvorpaa kom strax et Svar, som jeg ikke kunde høre; og derpaa fulgte fra vor Side et Spørgsmaal: from what port are you coming, and whither are you bound to? Captainen sendte os Strax et bud med, at det var his majesty's brig Clio, coming from Yar-

mouth with dispatches for Capt: Mackenzie, hvilket ikke lidet glædede os alle.

Julii 2den

Vinden var contrair og vi krydsede hele Dagen. Vores Maneer at leve paa ombord i Skibet var følgende: Kl: 8 om Morgenen stod vi op. Kl: 9 drak vi Theevand og spiste Frokost til. Kl: 4 om Eftermiddagen fik vi Middagsmad, 3 a 4 Retter, og Cherry Viin dertil. Efter Maden sad vi og drak Port-Viin og Rødviin indtil Kl. omtrent 6. Kl: 8 om Aftenen tog vi Theevand med Smørrebrød til; og videre vankede der ikke i Captainens Kahytte. En a 2 af Officerne blev daglig inviteret til Bords hos Capitainen.

Man beskylder i Almindleighed de engelske Officierer for, at de, efter Kl: 4 om Eftermiddagen, stedse ere groggede. Hvad vore Officerer angaaer, var dette aldeles usandt. Capitainen var en overmaade afholden Mand; og jeg

[s. 5]

saae ikke een eneste blandt Officererne lystig af spirituosa; men dette var maaskee netop fordi Captainen var en saa udmærket nøgter Mand.

Kl: 8 ½ blev jeg inviteret ind i Gun-Rummet, eller Officerernes Cahytte, hvor samtlige subalterne Officerer sadde omkring Bordet hver med sit glas grog. Jeg tog Plads og fik et Glas Viin. Derpaa begyndte Evens senior en Sang om Fregatten Shannon, der tog Cheesapeak. Han gav denne Sang godt og med Søemands Raskhed.

Man paastaaer, at der i ethvert Skib gives en Piil. Hvad Sheldrake anbelanger var det sandt; thi Purseren Mr. Beather, eller, som de kaldte ham, Mr: Pieter, blev nu anmodet, ja tigget om at synge, og til den Ende roest som om han var den første Opera-Sanger i Paris. Han gav efter og sang, eller, rettere sagt, tudede os for en meget besynderlig vise, hvilken han ledsagede med en endnu besynderligere Gesticulation. Han var meget glad over, at vi alle loe saa hjerteligt at vi tilsidst fældte Taarer; men han troede mindst at det var til ham og ikke til Sangen vi loe. Touren at synge gik rundt. Vi Norske sloge os sammen og gave: For Norge, Kjæmpers Fødeland etc:, hvilken de Fremmede vare ganske indtagne i. Lieutet. Douglas gav en meget comisk Scotsk fjeld-Sang. Mr Biether maatte give endnu 2 comiske Sange, der skaffede ham Rang ved Siden av Apollo.

Et Budskab, at Captainen vilde lægge sig, havde samme Virkning paa os, som Efterretningen om at Skolemesteren kommer har i en Skole. Sangen stoppede, Groggen forsvandt, der blev tyst og enhver gik til sit Rum.

3de og 4de Julii

Det var næsten ganske stille i disse 2 Dage. Vi forsøgte at fiske, men fik intet. Om Aftenen d: 3die bleve vi alle budne til Selskab hos Mr: Biether. Da Capitainen var med og roeste Biether umaneerlig meget, gjorde denne sig ret umage for at moere os, hvilket lykke-

Edinburgh Castle

des til fuldkommenhed. Han forvreed Øjnene som om han havde Convulsioner, Munden, som om han fik Kat, og frembragte Toner der ikkun harmonerede med Sangerens egen Indbildning og Udseende. Vi maatte alle give: For Norge, Kjæmpers Fødeland, hvori de fremmede Personer fandt stor Behag.

[s. 6]

Julii 5te

Vestenvinden vedvarede meget stærk, og det regnede næsten bestandigt. Mod aftenen saae vi Land, og en fyr viste os at vi var ved Sunderlandhead. Vi krydsede os op under Bell Rock, en Holm, eller et Skjær, som ligger langt ude i Søen, og hvorpaa der er oprejst et meget Højt Fyrtaarn. Skjæret skal være circa 1/4 Miil langt, men det er bestandig under Vand undtagen naar det er Ebbe. Fundamentet af Taarnet skal være hæftet til Skjæret med svære Kobberbolter, og selve Taarnet er sinket sammen af Steen, som i Sinkingen ere naglede til hinanden med Kobber-Nagler. De Folk, som passe Fyret, have aldeles intet andet Sted at være paa end selve Taarnet. Om Vinteren, i stormende Veyr, maae dette være et skrækkeligt Opholdsted.

6te

Under en vedholdende stærk Modvind krydsede vi os op af Leiths Fjord eller Firth of Forth, forbi Øerne May og Inch-Keith, paa hvilke der ere Fyrer. Denne Krydsetour var overmaade behagelig. Vi kom vexelviis fra den ene Side af Fjorden til den anden; og da vi kunde løbe temmelig nær under Land, saae vi en Mængde smukke Landsbyer og Land-Steder. Markerne og Agrene rundt omkring stode i deres bedste Flor. Landet er ved Søen og nogle Mile opefter fladt; siden hæver det sig højere og højere, og inde i Landet øjner man hist og her høje Fjelde. Man seer ingensteds Skov, men rundt omkring paa Markerne og ved Husene sees deels Lunde, deels enkelte Træer. Byen Kirkaldy var den største af de Byer, som saaes ved Siderne af Firth. Kl: 1 om Eftermiddagen Ankrede vi paa Leiths Rehd, hvor der laae en Fregat, som Vagtskib, et armeret Skib og en Kutterbrig.

Fra Rehden seer man en Deel af Leith, og bagenom samme Edinburgh, i hvis Midte det gamle, ærværdige Edinburgh -Castle knejser højt.

Capt: Brine gik strax i Land og meldte sin og vores Ankomst for Admiralen. Han medtog fra os en skrivelse, hvori vi bade Admiralen at meddele os Pass til London og at sende en Officeer, helst Capt: Brine med os.

Kl: 4 blev gjort Signal, at Sheldrake skulde salutere med 13 Skud, hvilket

skeede. Vagtskibet svarede med 12 Skud.

Kl. 5 kom Capt: Brine ombord

[s. 7]

Han bragte os et Brev, hvori Admiralen svarede, at det ikke stod i hans Magt at tilstede os at gaae til London, men at han uopholdelig vilde skrive til Admiralitetet derom og at det kunde være os tilladt strax at gaae i Land og at opholde os enten i Leith eller Edinburgh imod at vi gave vores Æresord, ej at forlade Stedet førend nærmere Tilladelse erholdes. Vi gik i følge heraf i Land Kl: 6 og toge Logis hos Donaldson paa [manglar eit ord eller fleire] i Leith.

Om Aftenen Kl: 8 kom en Person som kaldte sig Collector of the Port og hedte Mocknair, han spurgte: med hvad Ret vi vare komne i Land? Vi viste ham Admiralens Brev. Han sagde at han var meget forundret over, at Admiralen kunde give en saadan Tilladelse, da saadanne Affairer vare Admiralen aldeles uvedkommende. Han vilde imidlertid tale med Admiralen derom, lovede at komme til os inden Kl: 9, og sagde os, at vi til den Tid ikke maatte forlade Huset. Kl: 9 kom Collectoren tilbage og sagde at vi, efter de ham meddeelte Ordres, egentlig skulde have forblevet ombord indtil han havde indberettet vores Ankomst og faaet Svar derpaa, men at det nu kunde tillades os, siden vi vare komne i Land, at forblive her i Byen i mod vores Æresord ej at forlade den. De øvrige Rejsende gave ham Æresordet, men jeg sagde, at jeg havde givet mit til Admiralen. Hver Gang Collectoren talede med os, havde han 2 Vidner med sig.

Politimester Dinnovan kom og hilsede paa os, samt lovede at give al muelig Assistance ihenseende til at faae Tilladelse at blive i Edinburgh; Kjøbmand Bortevick ligeledes.

Vi toge et godt Aftesmaaltid, drak gamle Norges Skaal og levede saa godt, som Fanger paa Æresord vel kunne leve.

For Løjers Skyld smagte vi Highlandwhisky, en meget spirituos Drik, som G: recommanderede.

[s. 8]

Juli 7de

Collectoren kom til os Kl: 10 og igjentog sin forrige Bestemmelse, at vi ikke maatte forlade Leith.

Det var i Dag en Hellig-Dag. Over hele Landet skulde holdes Taksigelse for Freden. Da Freden ikke i mindste maade er favorabel for mit Fødeland, troede jeg at kunde afholde mig fra Festen. Jeg besøgte et Kaffehuus og gjorde mig bekjendt med de seneste Aviser. Bortewick introducerede mig, og fortalte mig at enhver Fremmed har Adgang til de offentlige Tidender sammesteds uden Betaling.

Vi holdte os forresten hjemme den hele Dag, og Evens spiste hos os. Jeg vilde om Aftenen have kjøbt adskillige Smaating, men ingen Boutiqver vare aabne. Da jeg forundrede mig derover, sagde en gammel Kræmmer Hutthen-

son, som G: kjendte, og som besøgte os, at man i Scotland ikke har halve Helligdage, som i andre Lande.

8de

Efter at jeg havde kjøbt mig en Hat og bestilt mig nye Klæder fra øverst til nederst, gik jeg med G: hen at besee den nye Toldbod. Det var en meget stor, nye, zirlig og vel indrettet Bygning. Jeg blev næsten nedslaget ved at tænke paa at mit gode, kjere Norge ikke engang har et saa smukt og godt Huus for sin Konge, som denne lille Bye har til sin Toldbod, og at det vilde koste Landet uhyre meget at opføre en saadan Bygning.

Ved Middags Tid gav Collectoren os Tilladelse at rejse ud til Edinburgh naar vi vilde; derimod maatte vi beholde Logis i Leith. Vi benyttede strax efter Maaltidet denne Tilladelse, og besøgte en Dr. Wishart, en Ven af G. Manden var meget artig. Han havde en smuk og meget behagelig Kone. Hans Svoger, en høj, halt advocat, Wilson, lod til at være en meget lystig Broder.

Efter at have drukket en fortræffelig current-wine (hvid Ribsviin) samt Theevand oppe hos Mstr:?? Wishart, og hørt hendes lille 20 Maandeer gamle Datter raabe hurrah for Norge, toge vi Afskeed. Vi bleve strax inbudne til Middag hos Wishart paa Tirsdag og hos hans Svigermoder, Madame Wilson, paa Onsdag. Wilson tilbød sig at vise os parlamentet næste formiddag, som var den sidste Retsdag i denne Session, hvilket Tibud jeg med Glæde modtog.

G. førte os derpaa omkring i New-Edinburgh den smukkeste Bye, man kan see. Gaderne ere overmaade

[s. 9]

brede, meere end dobbelt saa brede som Christiansands Gader. Huserne ere Palaier, byggede af hugne Sansteen, og da alle Huse ere lige høje, er det et behageligt Syn, at betragte samme, især paa de mange Squaires (aabne fiirkantede Pladser) som findes i Byen. – Disse Pladse ere indelukkede med Jerngitter, og udgjøre smukke Lysthauger, hvortil enhver Huus-Ejer omkring Pladsene har Adgang. Udenom Indhegningen er Brolægning og Gade af bredde som de øvrige Gader. Disse Lysthauger ere en Ziir for Byen, en stor Herlighed for Beboerne, som om Sommeren kunne lade deres Børn løbe omkring deri, og de bidrage ikke lidet til at vedligeholde en sund og reen Luft i Byen.

Edinburgh ligger 1 ½ engelsk Miil fra Leith. Det er en meget behagelig Spadsere-Tour, kaldet Leith-walk. Paa begge Sider af Veyen ere Huse Byggede, i nogen Afstand fra Hinanden, og der er en stor Mængde Boutiqver. Imellem Husene seer man de skjønneste Hauger og Marker, der ere overskuelige i lang Distance, efterdi Veyen ligger langt højere end Markerne.

Trætte af at spadsere om igjennem det store Edinburgh, vendte jeg hjem og styrkede mig med Ale og Porter.

Julii 9de

Kl: 10 om Formiddagen kjørte jeg op til parlamentet eller the court of Sessions. - Jeg kom først ind i en meget stor Sal, hvor en stor Mængde Folk gik omkring som paa en Børs, med Hattene paa Hovedet, talende og støjende som paa et Vertshuus, medens 2 Dommere, en i hver Ende af Salen holdt Ret, incamminerede Rettergangs Sager, hørte Vidner og Parternes Procedure. Efterat vi havde vandret omkring en Stund og bidraget vores til at forstyrre Dommernes Roelighed, samt af og til hørt lidt paa Proceduren, førte Wilson os ind i et andet Værelse, hvor 5 Medlemmer af Parlamentet udgjorde en Ret. Vi hørte adskillige Sager plaidere. Der vare adskillige Advokater, som talede meget godt, især en ved Navn Clarck, der skal være Edinburghs første Advocat. Naar Advocaterne havde udtalt gjorde Præsidenten eller en anden af Dommerne dem vexelviis Spørgsmaale, som Advocaterne igjen besvarede; og efter disputerede Retten med Advocaterne om Sagen. En af Dommerne sagde derpaa sin Mening om Sagen, fuldkommen motiveret; og naar de andre Dommere ikke

[s. 10]

indvendte noget derimod blev dette Dom, som de tilstedeværende 3 clarker annoterede. Dommene bleve ikke oplæste. Digteren Walter Scott var clark i denne Ret.

Foruden de 5 Dommere var der en surnumerair Assessor tilstede, men han sad ikke i Linie med de ordinaire Dommere som alle vare Lorder.

Localet var overmaade smukt, ikke just meget stort, men hensigtsmæssigen indrettet. Dommerne sad paa en Forhøjning med Gelænder omkring og en Nedgangs Trappe paa hver Side. Neden til sad den surnumeraire Assessor ved den ene Side, og i Midten stod et Bord ved hvilket de 3 Clarker sad. Denne Deel af Salen var halvrund, og et Stakitværk lige over for Dommerne gjorde den til en Halv-Sirkel. Advokaterne havde et afdeelt Rum lige over for Dommerne. Bagentil vare 7 a 8 Bænke for Tilhørerne, og oventil var i Baggrunden et Gallerie, der kunde rumme omtrent 50 Personer. I Salen var kun eet Vindue paa den ene Side, derimod var Loftet hvelvet og i midten af Hvelvningen var et stort Vindue, der bragte fuldkommen Lysning ned i hele Salen. [Her er det i originalen også teikna ein enkel planteikning over rommet.]

Fra dette Værelse førte Wilson os ind i et andet Værelse, af lige Indretning og hvor et lige antal Dommere beklædte Retten. Proceduren var her ligesom i hiin Ret. Jeg hørte her en interessant Sag plaidere. En Midshipmann havde begaaet Mord ombord i et Krigs-Skib. Han var arresteret, men fandt Lejlighed til i den mørke Nat, at springe ud igjennem et Vindue i Søen. Det blæste meget haardt, og det var mørkt; man kunde altsaa ej faae ham fat igjen, men maatte overlade ham til sin egen Skjæbne. Skibet var kun een engelsk Miil fra Land. Det var altsaa mueliget, at han kunde svømme i Land; men om han end var kommet i Land torde han ikke lade sig finde, da han vilde være

bleven dømt fra Livet. Rimeligt var det, at han var død, men intet beviis var derfor at erholde, da man ej havde fundet hans Legeme ved Stranden.

Der disputeredes nu om

[s. 11]

Indrettningen af denne hele Ret, court of Session, skal være saaledes:

Sagerne incammineres først for en af Dommerne i den Store Sal (the outer-house) Documenterne acteres der og Vidner afhøres, hvorefter advocaterne deducere og submittere Sagen Dommernes Skjøn. Han afgiver derpaa sit videtur (decision).- Ere Parterne ej dermed fornøjede, kunne de indgive Begjering om at føre Sagen ind for hele Retten hvor den paadømmes efterat den er procederet paa foranførte Maade blot mundtligen. The court of Session er højeste Ret i alle Civile Sager i Scotland, men Dommerne ere, paa Parternes forlangende, underkastede Revision af the house of peers i London.

Jeg besaae dernæst Localet for den saa kaldte court of excheques, eller Kammer-Ret, der dømmer i alle Sager, angaaende Kongens Interesse. Værelset var rundt og meget smukt. Fra Rummet og Indretningen at slutte tilstedes ingen at være nærværende som Tilhørere.

Alle disse Retter holdes i den samme Bygning. Nedenunder er det juridiske Facultets Bibliothek, der er temmelig stort. Tiden tillod mig ikke at besee Bibliotheket eller at gjennemløbe dets Catalog. Bibliothekaren viiste mig en meeget smuk afskrivt af Bibelen paa Latin, prændet som om det var med de skjønneste Typer. Den skal være skreven i det 10de Aarhundrede, og den holdes meget kostbar. Den var indbunden meget brillant med svære Kandter og Spænder af solid Guld.

Der fandtes et smukt Malerie af Fjelde, af forskjellig Højde, med en Scala hvorpaa de bekjendeste høje Fjelde i Verden var anført. Naar altsaa denne Scala, som kunde flyttes fra den ene Side til den anden, bevægedes hen til Toppen at et Fjeld, kunde man strax see Fjeldets Højde samt hvilke bekjendte Fjelde der havde samme Højde. Jeg søgte forgjeves efter at finde noget norsk Fjeld derpaa.

I dette Bibliothek have Advocaterne deres Arbejds-Steder, og de have stedse adgang dertil medens Retten holdes. Enhver Forlægger af hvilketsomhelst Skrivt der indkomer i Storbrittanien, er pligtig at levere et Exemplar gratis til dette Bibliothek. Det bestaar af nogle og tredive tusinde volumina.

Bibliotheket ejer ogsaa en heel Mumie.

Kjelde: Riksarkivet: PA 0014: Wilhelm Frimann Koren Christie: L 0004: Papirer fra 1814: Englandsfærden 1814: Christies egenhændige Dagbok.

(Teksten er transkribert av Runar Jordåen og kontrollert av Yngve Nedrebø.)

Arne Eriksen

Utkast av post

Dei som finn gleda i å grava i gamle offentleg arkiv, veit at mykje av innhaldet er relatert til saker som ikkje gjekk heilt slik som dei burde – det me i våre dagar har gjeve namnet avvik. Det er difor grunn til å minna om følgjande: i hovudsak gjekk det meste etter boka. Og sidan denne artikkelen handlar om post, vil eg berre få streka under at som hovudregel kom posten fram i rett tid. Nokre gongar vart det likevel mykje plunder og heft. Det gjaldt både for kundar, postfolk og administrasjon. Personleg har eg ein hang til desse tabbane som i ettertid er meir humoristiske enn alvorlege. Særleg dei sakene der skrivarane handterte pennen både skarpt og syrleg.

Mange lesarar vil nikka attkjennande til fenomenet «reisande postekspedisjonar". For å få posten fort fram har Postverket alltid nytta seg av tidas kommunikasjonsmiddel – frå hest og kjerre til fly. Då Postverket var storbrukarar av båt og tog hadde dei ikkje berre post om bord, men også postekspeditørar som tok i mot, sorterte og pakka post under vegs. Me finn mange slike postekspedisjonar med utgangspunkt Bergen. Så godt som på alle fjordabåter var det i si tid reisande postekspedisjon. Men også hurtigruta, nattruta Bergen – Stavanger og ruta Bergen – Newcastle hadde postfolk og postkontor om bord. Den mest kjende er nok likevel Bergensbanens postekspedisjon som starta opp på Vossebanen i 1892 og som vart lagt ned 31. desember 1991.

Med eit aukande tal reisande postekspedisjonar under Bergen postkontor vart det frå 1. juli 1914 oppretta ei eiga reiseavdeling. Avdelinga skulle ha det administrative ansvaret for alle dei tilsette ved postekspedisjonane om bord i skip og jernbane som sorterte under Bergen. Lars Hess Bing (1865 – 1940) vart tilsett som avdelingssjef frå starten.

Ikkje alle tog stoppar på alle stasjonar. Nattog og ekspressar fer gjerne forbi dei mindre stoppestadene – slik var det før og slik er det visst i våre dagar også. Men dette var ikkje til hinder for å levera post. Utkast av post frå tog – tog i fart for å vera heilt presis – var normal praksis ved dei reisande postekspedisjonane i Noreg. At utkasta ikkje alltid var like vellukka har eg funne mange prov på – mellom anna i arkivet etter Reiseavdelinga i Bergen.

Glepphendt på Bergenstoget

8. januar 1920 får Kristiania postkontor inn ei melding frå Tøien postopneri. På Tøien har dei rydda stasjonsområdet for snø, og då dukka det opp ein bunt med post stempla 18. desember 1919. Det vart fort klart at posten hadde gått med Bergensbana, og Kristiania postkontor ber straks om ei forklaring frå Reiseavdelinga i Bergen.

Postekspeditør Eywind Sodeland f. 1884.

For å klara opp i saka ber postfullmektig Eywind Sodeland ved Reiseavdelinga om uttale frå Haaver Mathisen. Han er identifisert som forrettande (sic!) postekspeditør på det aktuelle nattoget. Mathiesen kjem med si skildring av hendinga nokre dagar seinare: *... sendes reisekontoret med oplysning om at det antagelig må være fra den dag vi krydset med nattoget på Tøien. Bundten med post til nattoget blev da kastet over idet toget passerte. Denne må da være faldt ut av hendene på Høst-Kleven som tok imot og er faldt ned i sneen hvor den er blit fundet.*

Dette er ganske interessante opplysningar. Posten vart altså kasta frå tog til tog. Og ein kan sjølv tenkja seg at det ikkje alltid var like enkelt å fanga ein bunt med brev som kom fykande gjennom lufta. Ein kan spørja seg om dette var noko postfolk trena på – om det inngjekk i postutdanninga til dømes. Slik var det nok ikkje, for reisesjef Bing påfører saksdokumentet følgjande kommentar: *Naar der ikke kan overleveres post fra tog til tog paa anden maate end i heromhandlende tilfælde er det bedre at la være.*

Frå den andre involverte eller skal me seia mottakande postekspeditør - Jacob Høst Kleven - får reisesjef Bing ei utgreiing 24. januar 1920. Høst Kleven fortel at dagtoget stod på Tøien då natttoget passerte. Han fekk då sjå at Mathiesen rekte ut ei pakke som han ikkje fekk tak i. Ikkje var han budd på dette heller. Nei, det var faktisk heilt tilfeldig at han kom til å kikka ut av vindauget. Høst Kleven rekna det som sikkert at Mathiesen fekk med seg at overleveringa gjekk skeisen, og at Mathisesn ville underretta Tøien postopneri via Kristiania. Han er samd med Bing i at dette er heilt uforsvarleg praksis. *Herr Haaver Mathiesen faar alene ta ansvaret for den mislykkes utveksling av post,* sluttar Høst Kleven.

Men det førekom sjølvsagt andre former for utkast.

Fjøsanger 1920

Fjøsanger postopneri vart oppretta på jernbanestasjonen i 1886. I 1903 overtek stasjonsmester Magnus Hole (f. 1854) som postopnar. I 1919 vert postopneriet flytta til Hole sitt hus. 29. januar 1920 skriv postopnar Hole følgjande tenestemelding til postmeiste-

ren i Bergen: *Posten som udkastedes fra dagtoget idag var indpakket i 7 - syv - sække. Det kunde være interessant om vedkommende blev givet anledning til at forklare grunden til dette, om det skulde være en demonstration eller om det var fordi det var tørt veir og tør plattform.*

Ein kan lura på kva dette eigentleg handlar om. Posten innpakka i sju sekker? Ein demonstrasjon sidan det var finvær og turr plattform? Tru kva postmeister Aage Maalstad tenkte? I alle høve let han saka gå vidare til Reiseavdelinga. For dette kan ikkje ha vore noko sak for postmeisteren. I staden vert det Bing – reisesjefen – som må på bana. Og han sender straks saka til postekspeditør Olaf Line (f. 1894) på Bergensbana med forlangande om ein uttale.

Og det kjem svar. Eit slags – eg vil seia lett kverulerande - notat til reisesjef Bing dagsett 4. februar 1920. Line gjer først greie for at posten som skal kastast ut på Fjøsanger vert pakka medan toget er aust for Voss. Og så kjem følgjande: *Da det ikke er mulig for os ved den tid å vite hva slags veir de har på Fjøsanger, og da vi har annet og ganske vigtigere ting å gjøre på strækningen Voss - Bergen end å regulere indpakningen av posten til Fjøsanger eftersom platformen der er tør eller ikke, ga jeg overskrivne dag assistenten besked om å pakke posten i så mange poser at det skulle vise sig tilstrækkelig, selv om der regnet på Fjøsanger.*

Akkurat ja – ver grei og les sitatet over ein gong til: regulera innpakkinga av posten til Fjøsanger etter kor turr plattforma er. Eg likar den formuleringa.

Fjøsanger stasjon. Lånt av John Fredriksen

Passeleg provoserande og passeleg ironisk. Ikkje hadde dei tilgang til noko værmelding heller på Bergensbana i 1920. Mange har vel inntrykk av at www.yr.no har eksistert sidan tidenes morgon, men det er feil. I mørket over høgfjellet i 1920 måtte ein bu seg på kva som helst – og difor: sju sekker utanpå posten til Fjøsanger.

No kan eg avsløra ein ting til. Det var ikkje lenge sidan Olaf Line må ha fått kjeft for stikk motsett pakking. Han syner sjølv til ei melding frå Bing dagsett 27. januar 1920, der han får beskjed om at når posten vert kasta ut på Fjøsanger *maa ekspeditørerne være opmerksomme paa, at posten pakkes i saa mange poser, at man er tryg for beskadigelse av væte.* Og kvifor slik merksemd på nett dette. Jo, fordi postopnar Hole på Fjøsanger nyleg har klaga på at posten var pakka for dårleg – i ein enkel sekk – på ein skikkeleg regnversdag. Dette førte, tru det eller ei, til at posten måtte hengast til turk på snorer – i postopneriet. Ei avis her, eit rekbrev der, og ein vareprøve med underleg innhald tett attmed omnen – snakk om sortering!

Postekspeditør Line kjem også dragande med ei fagleg utgreiing om ulik kvalitet på gamle og nye postsekker. Resonnementet er at det må fleire gamle og slitne sekker til for å halda posten turr, enn det ein treng om sekkene er nye. *Måske er der til det utkast, der i så høi grad har forbauset hr Poståpneren på Fjøsanger* nytta gamle sekker, spør Line retorisk. Det burde han jo visst sjølv, men han hadde altså late assistenten stå for pakkinga.

Line avsluttar på følgjande måte: *Det ville være av interesse hos hr Poståpneren på Fjøsanger å få opgivet, hvor mange poser han finder det ønskelig at posten i hvert tilfælde blir pakket, for at den ikke skal bli utsat for fugtighet.* Eg finn ikkje noko svar på denne oppmodinga, og eg tenkjer vel at reisesjef Bing hadde fått nok – han stua vel saka ned i arkivet – og der låg ho altså til eg fann dokumenta over 90 år seinare. Utkast av post er post i særklasse.

Vart det slutt på blaut post på Fjøsanger etter dette. Å nei du - sju år seinare har Fjøsanger postopneri postkontrolløren på vitjing. Og medan han gjennomfører sin inspeksjon skjer det igjen. Eg siterer frå rapporten til postmeister Maalstad: *Under inspektionen ankom post pr nattoget fra Oslo. Brevposten var utkastet, kun nedlagt i en pose. Denne var helt gjennembløtt av regn og vand fra perongen, men av indholdet var kun et par forsendelser beskadiget.* No må Maalstad forfatta rundskriv til personalet i reisetenesta der han streka under at *paa sterke regnveirsdage som omhandlede dag bør ekspeditørene indskjærpes om at bruke dobbelte sækker for at beskytte posten mot vand.*

No vart kan hende innpakkingspraksisen betre. Det vil seia meir tilpassa dei klimatiske tilhøva. Likevel finn eg at det stadig må minnast om sesongmessige variasjonar. 2. mars 1927 må til dømes postmeister Ivar Væthe på Voss melda at *poståpneren ved Mjølfjell ber om at posten som kastes ut fra dagto-*

Postmeister Aage Maalstad f. 1870.

gene blir lagt i pose for ikke å bli våt, da sneen nu er begyndt å bråne.

Regn og snøsmelting er no så sin sak. Men toget gjekk midtvinters også – og då kunne det vera både svinekaldt og farleg ... …

Posthornet 1925

I Posthornet (organ for Det norske Postmandslag) nr. 5 / 1925 finn eg artikkelen *Utkasting av post* av signaturen Wh – og her vert det verkeleg fart i sakene. Me er no over på utkast av post og sjukefråvær. Sjukefråvær er som kjend ei uting, og ein kvar arbeidsgjevar skal syta for at arbeidet er lagt opp slik at ingen vert utsette for fare eller farlege arbeidstilhøve. I dag vert dette kalla helse – miljø – tryggleik.

Artikkelforfattaren i Posthornet innleier med å karakterisera utkasting av post som ein primitiv og høgst usikker måte å avlevera post på. Likevel kan det - frå hans ståstad - sjå ut som om denne framgangsmåten no (i 1925) er oftare i bruk enn før. Ja, det er faktisk slik at frå administrasjonen si side, ser dei på dette som ein moderne praksis som ein ikkje kan koma utanom, seier forfattaren, og etterlyser tiltak som er mindre *skjæbnesvanger* både for posten – og ikkje minst for personalet som må stå for utkastinga.

Skjebnesvangert for personalet som står for utkastinga – ikkje noko mindre enn det nei. Og ikkje ufarleg for *jernbanepersonalet og for tilfældige personer, som er indenfor skuddlinjen av de udslyngede postprosjektiler* heller. Utslynga postprosjektil – dette likar eg. Postprosjektil har jo definitivt noko dramatisk og actionprega over seg. Men kva så med postpersonalet? Jo, Wh. kan fortelja at *en stor del av utgiftene til sykevikarer i vinterhalvaaret har sanddynligvis sin aarsak i dette forhold.* No kan du lure – sjukefråvær - sjukevikarar?

Forklaringa er dei kalde vintrane og den sure trekken. Forfattaren strekar under at det skal god helse til for å tåla påkjenningane. Eg siterer: *Man arbeider sig sved og varm og i denne tilstand skal man hvert øieblikk bort i et aapent vindu, kanske i mange graders kulde eller i snestorm, for at kaste ut postposer paa stationene. Samtidig*

utsættes ogsaa det øvrige personale omend i mindre grad for trækken fra de aapne vinduer. Hertil kommer ogsaa andre faremomenter, som enhver praktisk postmand kjender av erfaring. Wh meiner at det i England og Amerika finst tekniske system som kan bidra til å redusera risikoen ved utkasting av post. Han konkluderer med at dei nødvendige investeringane sannsynlegvis kan dekkast gjennom innsparingar til sjukevikarar.

Eg skal arbeida vidare med å forsøka å avdekka dei andre omtalte faremomenta *som enhver praktisk postmand kjender av erfaring.* Elles veit eg ikkje om at det vart prøvd ut tekniske innrettingar for utkast av post her i landet. Administrasjonen fekk vel ikkje greidd ut saka før det var tid for å leggja ned postekspedisjonane på tog.

Espeland stasjon 1927

8. februar 1927 skriv Bing følgjande tenestemelding til postopnar Peder Haldorsen (f. 1869) på Espeland: *Paa melding fra Bergensbanen A – postekspedition for tur fra Bergen til Oslo den 5-7/2 med vogn 994 fra postfuldm. Jæger er bl.a. anført: Ved passering av Espeland stoppested lørdag kveld kunde man – bekmørt som det var – ikke opdage i forbifarten nogen som tok mot den utkastede post. Den medtokes til Vaksdal til vestg. Dagtog. Hvilket jeg herved tillater mig at indberette.*

Det er meg som har gjort understrekinga i sitatet; «bekmørt som det

1.Postekspeditør Olaf Jæger f. 1879.

var"!!!. Det er vel meint bekmørkt, men ok – kva anna var det vel å venta ein sein kveld i februar. Det var mørkt, og ingen å sjå – på Espeland stasjon. Så det vart ikkje noko utkast den kvelden, og posten fekk seg ein ekstratur via Vaksdal.

Postopnar Haldorsen, som også styrte med landhandelen på Espeland, – fekk altså denne – me kan vel kalla det klagen – tilsendt frå Jæger via Bing. Han hugsa nok kvelden då toget fór forbi utan at posten vart kasta av, og kan hende hadde det vore rett før han sende inn ein rapport til Bing om forseinka post frå Bergen via Vaksdal. Det let han vera, og i staden kunne han ta seg råd til følgjande litt lett ironiske påskrift på tenestemeldinga før ho vert returnert til Bing 12. februar:

Tilbakesendes Postkontorets reisende avdeling. Det hender at det elektriske lys paa stationen ikke er tendt og da er det selfølgeligt at Expeditionen ikke kan se om vi er tilstede i mørketiden,

Logisk nok sjølvsagt – dei hadde berre ikkje slått på ljoset, men frå Haldorsen sin ståstad – bokstaveleg talt – spelar ikkje det noko rolle, for han held fram slik

men vi kan se om Expeditøren kaster post av toget naar bare han er opmerksom paa stationen og ser den i forbifarten.

Her er det viktig å leggja trykket på **vi. Vi** kan sjå toget. For Jæger gjeld det berre å ha auga opne, og å sjå til å få kasta posten av toget når dei passerer Espeland stasjon. For Haldorsen – han ser kva som skjer – stasjonsljos eller ikkje.

III. 5 Espeland.

Så kan ein spørje seg. Var saka ute av verda? Hadde dei forstått kvarandre Haldorsen og Jæger? Eg er usikker på kva avdelingssjef Bing tenkte, for det kan sjå ut som om han har behov for – skal me seia – å kvalitetssikra samhandlinga. Han skriv følgjande på meldinga før ho går vidare til Jæger 14. februar:

Hr. postfm Jæger til underretning! Tilbake. Utropsteikn no!! Og gummistempel i tillegg: *Bergen postkontor Avdeling for reisetjenesten*. Og krav om svar.

Kva svar Bing hadde sett føre seg veit eg sjølvsagt ikkje. Jæger vel i alle høve

Brev frå Espeland til Berlin i 1916. Ser ut til å ha kome fram utan skavanker, men det er sensurert ved mottak i Tyskland.

den ordknappe varianten. Like greitt det kanskje så lenge svaret er klart og tydeleg. Så han skriv *Bemerket* den 17. februar, og Olaf Jæger med imponerande bokstavar. Kva tyder eigentleg bemerket? At Jæger har forstått – har merka seg Haldorsen sine synspunkt – og at postsekken kjem som eit prosjektil ut av toget ved neste nattlege passering av Espeland stasjon? Nok er i alle høve nok no. Bing skriv *Henlagt* på meldinga, og lar ho gå i arkivet.

I arkivboksen deler meldinga vår om ein mørklagt Espeland stasjon mappe med tilsvarande melding om ein mørk perrong på Stavenes stasjon, der brevhusstyraren får følgjande oppmoding i oktober 1928: *Der klages fra Bergensbanens postekspedition over at det er vanskelig at foreta utkasting av post fra østgaaende nattog lørdag aften naar Deres station ikke er oplyst. Ved anordning av denne utkasting høsten 1926 uttalte distriktschefen følgende: Ekspeditøren (brevhusstyrereren) har erklært sig villig til å møte frem til toget og sørge for at en lampe holdes tendt under dettes passerende. De bedes paase dette saa utkastingen kan gaa iorden.*

Ja, ja - postopnar Haldorsen heldt fram i stillinga si - på nattleg post - til han går av for aldersgrensa i 1939 – 70 år gammal. Olaf Jæger avslutta reisene på nattoget i 1935 for å ta over stillinga som avdelingssjef ved reisetenesta etter Bing. Jæger vart også ein kjend posthistorisk skribent. Mellom anna skreiv han 4. utgåva av Schønings Norske Posttjenestemenn (1947) kor han for eige vedkomande kan opplysa at hans private interesser er genealogi og personhistorie – og at han er gift med postfullmektig Maria Jæger (f. 1883) - viss private interesse er: *En god bok i ledige stunder.*

Eit sirkulære frå 1937

Eg vonar lesaren har forstått at det å kasta post ut frå tog i fart ikkje berre er morosamt – det er også alvor. Det er i alle høve min lærdom av arkivgjennomgangen. Og sidan eg jo i røynda er ein alvorsmann skal eg avslutta med eit uhell som fekk etterspel – rimeleg nok.

Når det gjeld utkastet i 1927 var problemstillinga at stasjonen på Espeland var mørklagt slik at postekspeditøren på nattoget ikkje kunne sjå om det var folk til å ta i mot postsekken. I postsirkulære nr 42 / 1937 finn eg at Postverket no – 10 år seinare – stod over for eit nytt problem – den treffsikre utkastaren. Eg siterer: *Posteverket har nylig måttet betale erstatning til en mann som blev rammet av en postsekk fra tog i fart. Uhellet inntraff på den måten at postposen gled lenger enn beregnet på iset plattform og derved traff mannen i benene.*

Kan du sjå det for deg?? Reine kjeglespelet og ein kan gjera seg sine assosiasjonar; Den eine postmannen til den andre: «Kor mange trefte du i natt?» Svar: «Eg feia unna heile plattforma!!».

Dette var sjølvsagt lite populært hjå dei som hadde ansvar for å betala ut erstat-

ning. Og for all del – utkast av post frå tog er alvor og ingenting å spøkja med. Då burde det vore sjølvsagt at Postverket kom med ei skikkeleg formaning i nemnde sirkulære. «Dette må det bli slutt på!!», til dømes eller «me leikar ikkje med postsekkane i Postverket». Men nei – i staden står det:

Det henstilles til postfunksjonærene også å ta den slags muligheter med i beregningen når postposer kastes ut.

Takast med i berekninga? Kva må takast med i berekninga? Kor mykje som må betalast i erstatning? Vel, vel – så vidt eg veit held ingen på med dette lenger, men ein kan saktens undra seg på kor mange som har vorte tekne med berekning opp gjennom åra.

Sjølv har eg det berre litt moro med nokre gamle tekstar som for ordens skuld må bereknast som unnataka i eit elles godt fungerande postverk.

Etterord

I det eg skal pakka saman siste arkivboksen finn eg ei litt anonym tenestemelding som eg ikkje kan stå for. Det er brevhusstyraren på Stavenes som ber å få posten kasta av toget juledag. Det gjeld vel dei pakkane nissen ikkje fekk levert julaftan, får ein tru.

Kjelder:

Artikkelen byggjer på journalsaker frå Reiseavdelinga ved Bergen postkontor. Dfa boks 1 – 3. Statsarkivet i Bergen.

Eg har også nytta meg av:

Det norske Postmannslag. Vestenfjelske krets 1895 – 1955. Festskrift.

Jæger, Olaf (1947): *Schønings Norske Posttjenestemenn*. 4de utgave. Bergen.

Posthornet. Organ for Det norske Postmandslag. Årgang 1925 side 100 – 101.

Cirkulærer fra Poststyret for året 1937. Nr. 42 side 139.



Bøn om utkast 1927. Statsarkivet i Bergen.

Jo Rune Ugulen:

Fram... og tilbake igjen?

Noko om svenske og finske krigsfangar i Bergenhus stiftamt under Store nordiske krig

Opphavleg var denne framstillinga materiale til eit foredrag eg heldt på Åland i 2003, og det har framleis preg av dette. Det er såleis relativ usamanhengande, og er meir ei kommentering av ulike kjeldefunn som eg gjorde i 2001 og 2002, enn ein strukturert og gjennomarbeidd artikkel. Likevel er stoffet av ein slik karakter at det bør vera interessant for fleire. Materialet om svenske (og finske) krigsfangar i det vestlege Noreg ser ut til å vera relativt stort. Truleg har eg berre skrapa i så vidt borti det, ettersom det meste av det eg har kome over, har eg kome over ved nær sagt rein slump. Det er eit interessant materiale som kan bidra til å kasta litt nytt ljos over ein elles mykje omskriven periode i nordisk historie. Vonleg kan ei publisering som dette gjera sitt til at andre kan verta lystne på å granska fenomenet nærare.

Den store nordiske krigen

Den store nordiske krigen er nemninga på krigen som i åra 1700–1721 vart utkjempa mellom Danmark-Noreg, Sachsen-Polen, Russland, Preussen og Hannover på eine sida, og Sverige under Karl 12. på den andre. I hovudsak utvikla krigen seg til å verta eit oppgjer mellom Sverige og Russland om herredømet over områda kring Austersjøen, og for Danmark-Noregs del vart den første fasen av krigen i år 1700 svært kortvarig. Etter ei mislukka dansk beleiring av festninga Tønning i Holstein-Gottorp, og ein påfølgjande svensk landgang på Sjælland i byrjinga av august 1700, vart det slutta ei fredsavtale mellom Sverige og Danmark-Noreg den 18. august 1700 på slottet Traventhal i Slesvig. I denne fasen av krigen var det ingen direkte trefningar på den norske grensa mot Sverige.[1] Etter dette følgde ni relativt fredelige år, inntil det vart gjennomført eit dansk-norsk åtak på Skåne vinteren 1709–1710. Dette innleia krigens andre fase, og denne fasen vart langvarig. I norsk historieskriving har krigshandlingane 1709–1720 også fått namnet Elleveårskrigen.[2] Eg skal ikkje her gå i detalj om dei forskjellige krigshandlingane gjennom dei mange åra, men i staden konsentrera meg om nokre få episodar som er viktige for emnet i artikkelen.

Kaperfarten i Nordsjøen

For den viktige norske skipsfarten innebar krigsutbrotet i 1709 at Austersjøen, Skagerrak og Nordsjøen vart farvatn der fiendtlege kaperar stadig kryssa. Samstundes vart ei rad hamner i

Austersjøen stengt for dansk-norske skip.[3] Den norske historikaren Oscar Albert Johnsen skreiv at det for den materielle utviklinga til Noreg tvillaust var ei stor ulukke at landet i 1709 vart drege med i krigen. Den raske oppblomstringa av skipsfarten vart dermed stansa i ei tid med gunstige villkår for aukande vekst. Mellom anna sørga Den spanske arvefølgjekrigen at det også etter 1709 var stor trong for norsk tonnasje.[4]

Men heller ikkje dei store sjømaktene si krigsdeltaking var så gunstig for norske reiarar som før. Særskilt vart farten på Frankrike og Spania mindre lønnsam etter kvart som Frankrike vart svekka økonomisk og militært. Dessutan var dei allierte kaperskipa meir pågåande enn tidlegare. Mange skip sigla difor frå norske hamner tidleg på våren eller seint på hausten for å unngå kaperane, men då var til gjengjeld vêrforholda vanskelege og forlisa hyppige. Bergen åleine mista heile 55 skip på til saman 3 500 trelastlester ved kapring i åra 1710–1713. Det svarer i følgje Anders Bjarne Fossen til nesten helvta av byen si samla tonnasje før krigsutbrotet.[5] Dei norske reiarane svarte på kaperverksemda med sjølve å utrusta såkalla *commisfararar*, eller eigne kaperskip for å kapre kaperane. Det er desse kaperane som truleg var dei første svenske krigsfangane i Bergen under Den store nordiske krig. Men sjølv om desse commisfararane brakte opp ei lang rekke svenske skip, så vel som fartøy frå nøytrale som førte kontrabande, greidde dei ikkje å hindra at nettotapa til flåten vart store. Til dømes hadde kjøp- og ladestadene frå Frederikshald til Langesund (kystområdet rundt Oslofjorden) hatt 181 fartøy på til saman 17 800 lester i 1709. I 1723 var dette redusert til 89 fartøy på til saman 7 200 lester – eit nettotap på over 10 000 lester.

Oppbrakte skip i Bergen

I ei kopibok som dekkjer åra 1714–1716 i arkivet etter Bergen Magistrat i byarkivet i Bergen, finst det ei omfattande liste over skip og mannskap som vart oppbrakte til Bergen.[6] Årsaka til at lista vart ført, var i første rekkje økonomisk. Dei som hadde hatt utgifter til kost og forpleiing av fangane, skulle ha dette dekka.

Lista og bereigning

over de til Bergens bye opbragte svenske skibsfolk og deris forflægning paa skibene førend de paa fæstningen blef leverede.

Anno 1711

Caper captain Peder Sørensen tagne udj Nordøsen den 4 april et svensk skib Entsatz van Narva, prætenderer kost penge for effter skreve svenske skibsfolks underholdning fra bemelte dato til den 10de dito, da de paa festningen blef levered:

1 Hans Podest, 2 Haael Forman, 3 Petter Holm, 4 Hans Sigemunsen, 5

Erik Eriksen, 6 Jon Eschelsen, 7 Anders Hansen, 8 Olle Darf, 9 Petter Eriksen, 10 Mikel Eriksen

à 6 ß daglig, er 3 rd 4 march 8 ß.

Bemelte capitain taged den 31 july et svensk skib kaldet Haabet og den 31 augusty leverede paa Slottet effterskrefne svenske skibsfolk:

Morten Cornelißen, Erik Helsing, Matthias Torsen, Erik Simonsen, Berent Olsen

à daglig 6 ß, 10 rd

Samme 31 july taget et svensk skib Rosen og den 31 augusty levered paa fæstningen skibsfolk

Lauritz Skou, Anders Pedersen, Cornelis Blom, Berent Arfuesen, Erik Larsen, Niels Nielsen, Niels Jonsen

à daglig 6 ß, 12 rd

Samme 31 july taged et svensk skib Nathanael og levered den 31 augusty paa fæstningen

Brynild Olsen, Olle Torgensen[!], Erik Olsen, Erik Pedersen, Anders Torbionsen, Gunder Olsen

hver daglig 6 ß, er 12 rd

Dito et andet svensk skib kaldet Phoenix hvoraf den 31 augusty levered

Lars Torstensen, Jan Høyer og Carl Rolfsen à 6 ß daglig, er 5 rd 2 march 12 ß

Nok Anders Knabe, taget den 31 July 1711 og overlevered paa fæstningen den 10 april 1712, 15 rd 5 march

Capitain Peder Søfrensen den 21 augusty erobret et skib Sancta Maria som var taget af en svensk caper, og levered den 31 augusty af den svenske capers skibs folk:

Lars Sud, styrmand, Biøren Oelsen [?], Søren Andersen, Erik Pedersen

daglig 6 ß, er 3 rd 3 march

Anno 1712

Capitain Peder Sørensen taged den 31 may 1712 et skib kaldet Sanct Peder, hvor af hand paa festningen den 4 july leverede effterskrefne svenske skibsfolk:

Høybaadsmand Johan Michael, constabelsmand Niels Rundvig, matroserne Henrik Jansen, Christopher Volf, Erik Berg, Salomon Syderberg, Casper Brochel, David Vos[?], Peter Hartman

hver 6 ß daglig, er 19 rd 12 ß

Capitain Tiel von Höven tagen et svensk skib Stadt de Mün den 3 february 1712, paastaar kostpenge for de svenske skibsfolk til 13 marty, da hand dennem fra sig leverede, 5 ugger 3 dage

Skipper Erich Wichberg hafde lige saa got som captainen self, da skibed for hannem ugentlig 1 rdr, 5 rd 2 march 9 ß

Styrmanden Johan Pietersen Roodt, ugentlig 5 march, 4 rd 3 march 2 ß

7 matroser |-à daglig 6 ß-| nemlig timermanden Pieter van den Berg, Claus Hermans, Bartel Kipke, William Schiolt, Pieter Boom, Anders Faat[?], Jachob Povlsen, à daglig 6 ß, 16 rd 3 march 12 ß

Capitain Jochum Kroch taget et svensk skib Fru Christina den 10 may, prætenderede kostpenge for de opbragte skibsfolk til den 3 september da de paa Slotet blef befordrede, 16 ugger

Skipper Albert Herretz, ugentlig 1 rdr, 16 rdr

[.... ei side utelate...]

[1713]

kocken Jan Borkardt, timmermanden Lourents Diriksen, matroser Daniel Pedersen, Anders Pederßen, Jorgen Ingebrechtßen og Laurids Jansen,

som her paa Casteled blef levered den 12 augusty, er 9 ugger 2 dage, 28 rd 2 march 10 ß

Bemelte capetain har og den 22 juny anholt et skib Sancte Mary af Hardinpole, som ankom den 1 augusty, er 5 ugger

paa same skib var svenske indlade styrmand Oluf Nielsen fød i Skaane, Jan Torstensen fød i Gottenborg, er 1-2-2

Captain Eleazar Christensen har den 18 juny udj søen anholdt et skib Concordia, skipper Georg Bodt, skibsfolkene indkom med caper skibet den 25 july, er 5 ugger 2 dager

Styrmanden Jonas[?] Christiansen fød udj Lund i Skaane, køken Poul Møller fød i Stettin, matros Daniel Davidsen fød Osthammer ved Nordbotten i Sverig, Abraham Pederson fød i Ronneby i Bleking, 9-1 march-8

Bemelte capitain har den 3 may opbragt et skib Fortuna kaldet, skipper Johan Hamman, hvor med hand den 26 may her for staden ankom, er 3 ugger 2 dage

Matros Peder Jevert fød i Jemterland, Lyder Bul fød i Stifft Bremen, Hermen Luterhand[?] fød i Stifft Bræmen, Jonas Lind fød i Sverg, 5-4-8

Capitain Mathias Cornelisen et skib erobrit fra en svensk kaper indenfor Mandal den 24 october, hvilked den 4 novembris indkom, som er 1 ugge 4 dage, hvorpaa effterskrefne svenske fanger

Styrmand Axel Christiansen fød udj Stokholm, quartermester Gustavus Rodt, matros Jonas Taun fød i Helsingland, Cornelis Haamand, Rolf Pettersen, Anders Olsen, Jan Lourentsen, og Petter Gran, 5-3-0

Herforuden en matros Raatche gaf sig ud for at være fød i Hamborg

239-5-11

[underskrifter]

Bergen, den 19 july 1714

Det har ikke lukkast meg i denne omgang å finna fleire opplysningar om desse sjøfolka etter at dei kom på festninga i Bergen. Slike opplysninger skjuler seg truleg i mange av i arkivsakene etter magistraten i Bergen, og ein kan jo håpa at einkvan får tid og høve til å setja seg ned og undersøkja dette nærare. Det er ikkje helt utenkjeleg at ein del av sjøfolka vart verva til den dansk-norske flåten i Bergen, og dermed kan ha delt skjebne med Anders Monsen Gotenborg som vart utskriven til matros i Bergen i 1712,[7] eller Jan Abrahamsen Svenske som vart pressa til matros i august 1715.[8]

Moss 1716

Etter byen Stralsund fall like før jul 1715, kom både Rügen og Vorpommern fram til elva Peene på danske hender. Sverige hadde då berre Wismar igjen av sine tyske territorier.[9] Etter at desse svenske områda var mista, fekk Karl 12. i hovudkvarteret sitt i Lund, konsentrera seg om det venta åtaket på Sverige, som var under planlegging av motstandarane hans. Som eit mottrekk planlagde han først eit åtak på Sjælland over det islagte Øresund, men dette vart stogga av mildvêr. I staden gjennomførte han eit overrumplande åtak på Noreg i mars 1716, og styrkene hans inntok mellom anna Christiania. Likevel oppnådde ikkje felttoget noko viktig, ettersom Karl 12. ikkje greidde å innta festningane.[10] Forutan Akershus, galdt dette festningane i Frederikshald (Halden) og Fredrikstad, så vel som skansen i Sponvika ved Svinesund.

Strategisk viktig var også Moss, først og fremst av di den hadde ei isfri hamn ved Christianiafjorden. Byen hadde ikkje noko festning, og vart den 17. mars 1716 okkupert av svenske styrkar under general Carl Gustaf Mörner (1658–1721). Mörner oppretta eit lager på Moss Jernverk med hestar, nokre kanonar, hestefôr og ammunisjon, før han skunda seg vidare nordover for å møta Karl 12. og arméen hans. Tilbake i Moss var eit vaktmannskap på over 200 soldatar, forutan ein hel del skyssbønder.[11] Eit overrumplande utfall frå Fredrikstad festning på dei svenske avdelingane ved Moss den 26. mars, medførte at noko over 60 svenskar vart drepne og over 400 vart fanga.[12] Karl 12. lét likevel nokså umiddelbart Moss okkupera på ny, denne gongen med rundt 800 mann frå Västmanlands regiment under kommando av oberst Melker von Falkenberg.

Det vart ikkje lenge Moss var på svenske hender denne gongen heller. Den 23. april 1716 storma norske tropper under leiing av oberst Vincent Budde og oberstløytnant Henrik Jørgen Huitfeldt dei svenske stillingane. Etter tre timar med harde kampar var den svenske kommandanten Falkenberg dødeleg såra, og kring 100 svenske soldatar daude. Dei overlevande svenske soldatane, 522 i talet, vart alle tekne til fange. Blant fangane var oberstløytnant Rydningssvärd, seks kapteinar og to løytnantar.[13] Av desse 522 fangane vart mange sende til Bergen.

Fangelista frå Bergen 1716

Arkivet etter magistraten i Bergen kan nok ei gong visa fram en overraskande lang liste over svenske fangar. Heile 78 fangar kom til Bergen i starten av juni 1716. Av desse tilhøyrte 51 det Västmanlandske regiment, medan dei resterande 27 fordelte seg med 21 på Livdragonregimentet og 6 på Løvenstiernes Rytterregiment.[14] Etter at desse fangene hadde opphalde seg nokre veker i Bergen, vart dei sende vidare ut i de omliggjande futedøma til forpleiing, og då i hovudsak hjå bøndene. Eg skal koma tilbake til korleis denne forpleiinga på landsbygda kan ha gått føre seg.

Sunnfjord

Den 28. juni 1716 vart følgjande fangar sende til Sunnfjord futedøme:

Av Västmanlands soldatregiment: korporal Simon Larsen, Lars Tolpe, Johan Strøm, Lars Næßland, Anders Bergfeldt, Jacob Frisk, Johan Bendßen Bom, Lars Anderßen Flindte, Erich Anderßen Klinge, Anders Bom, Peder Pederßen Blomme, Jonas Erichßen Holm, Jonas Törn, Anders Villing, Johan Reboe, Ohle Livert, Anders Ytterberg, [...] Larßen Meenlöß, Ohle Larßen Aall og Peder [....] Elg.

Av livdragonregimentet: Johan Wiborg, Axel Franck, Simon Larßen Faverin.

Av Løvenstierne Rytterregiment: Erick Karbye, Larß Pederßen, Eskield Nielßen, Joseph Udte, Anders Hernström, Jonas Cörlin[?].

Sunnhordland og Hardanger

Den 9. september 1716 vart følgjande fangar sende til Sunnhordland og Hardanger futedømer:

Av Västmanlands soldatregiment: Anders Wretmand, Anders Berg, Niels Pedersen Staaboe, Lars Flindte, Anders Olsen Baar, Anders Larßen Was, Anders Birck, Anders Broemand, Nielß Aackermand, Daniel Joenßen Rødberg, Erich Larßen Moddig, Johan Larßen Rytter, Abraham Skieberg.

Nordhordland

Den 12. september 1716 vart følgjande fangar sende til Nordhordland.

Av Livdragonregimentet: feldtwebel Anders Harckepus, rustmester Thomes Hugull, Haagen Giøck, Jonas Florin, Hinrich Fleißmand, Jeppe Joenßen, Joseph Bonfil, Jørgen Hofmand.

Av Västmanlands soldatregiment: corperal Anders Børsmand, corperal Erick Møckling, Ohle Ryth Profoss, Nielß Lercke, Madz Pender, Anders Lindberg, Anders Svanvige, Larß Holm, Erich Sparre, Larß Örn.

Bergen

Følgjande fangar vart igjen i Bergen.

Av Livdragonregimentet:

•Bernt Soelberg, vart 26. juni sett i

teneste hjå inspektør Raunsdorf.

•Peder Svendsen, sett i teneste hjå Christian Bruns

•Svend Joensen, sett i teneste hjå Dirich Haslop

•Niels Vindboe, sett i teneste hjå Jens Fester

•Johan Stolpe, sett i teneste hjå (kaper) kaptein Peder Sørensen

•Hans Lund, sett i teneste hjå Reinert Bødker

•Lars Lagermand, sett i teneste hjå meister Jon Trondsen. Lars Lagermand døydde seinare om vinteren, og vart den 21. desember 1716 gravlagd frå St. Jørgens kyrkje i Bergen, og fekk fri gravplass grunna fattigdom.[15]

•Lorentz Wetterstrand, sett i teneste hjå Samuel Vestvet

•Zacharias Axner, sett i teneste hjå Hieronimus Wibusch

•Carl Lindberg, sett i teneste hjå Herman Lading

•Gidion Lindroth, sett i teneste hjå Hinrich Ravert

Av Västmanlandske soldatregiment:

•Anders Joenßen Fogel, vart 26. juni sett i teneste hjå Berent i Rexen[?]

•Peder Jonßen Wæren og Jørgen Erichsen Frøberg, vart begge den 2. juli sette i teneste hjå oberst Georg Frederik von Krogh

•Isach Olßen Berg, vart 7. september sett i teneste hjå madame de Besche.

Ein Jens Engelods «af Dragonerne» døydde den 17. august, og vart, slik Lars Lagermand seinare vart, gravlagt på St. Jørgens kyrkjegard den 19. august same år, og fekk fri jord «formedelst fattigdom».[16]

I tillegg til desse kjem to soldatar av Västmanlandske soldatregiment som grunna «svaghed», vart tilbake i byen der de framleis «nyder deris underholdning» i siste del av oktober 1716. Dette var Jonas Linde og Niels Pedersen Slotte. Begge desse var i mars 1717 komne til Hardanger.[17]

Mellom fangane som vart tilbake i Bergen har eg berre funne ein igjen som gift. Det var Gideon Lindroth som vart teken i teneste hjå Henrik Ravert. Han gifta seg i domkyrkja i Bergen den 3. november 1720 med ei viss Margrethe Wit. Ekteskapet har truleg vore noko naudtvunge, for alt den 20. desember same år vart den vesle dottera deira, Anne Cathrine Lindroth døypt i den same kyrkja. Ho må ha døydd ikkje lenge etter, for den 10. januar 1721 vart Gideon Lindorfs lille barn gravlagd fra Bergen Domkirke. Kvar foreldra sidan tok vegen, veit eg ikkje. Dei får ikkje fleire barn i Bergen, og dei er heller ikkje daude i byen. Det mest nærliggjande er å tenkja seg at dei flytta ut på landsbygda.

Fangelivet på landsbygda

Livet som fange ute i futedøma var neppe spesielt godt. Frå futen i Sunn-

hordland og Hardanger får vi eit døme på korleis behandlinga av dei svenske fangane var, og eit brev frå futen til stiftamtmann Undall i Bergen i mars 1717, fortel at mange av dei svenske fangane då gjekk nesten nakne og ikkje hadde pengar til klede. Pengemangelen hjå fangane vart sjølvsagt ikkje betre av at dei 15 fangane (som alle var i live) som var blitt sende til Sunnhordland og Hardanger, er sagt å «ha sin underholdning hos allmuen uden betalling».[18] Med andre ord var dei slavar. Saman med brevet har futen skrive ei liste over fangane, og namna på denne lista stemmer med dei som vart sende til futedømet i september 1717. Fangane er fordelte på fleire skipreider (bondelensmannsdistrikt).

I Os skipreide finn vi Niels Perßen Staalboe og Anders Vretmand. I Strandvik skipreide Anders Birke, Anders Broemand og Anders Olßen Baar. I Strandebarm skipreide Abraham Jenßen Skieberg og Anders Larßen Vosß. I Jondal sokn i Hardanger er Niels Larßen Aakermand og Anders Anderßen Berg. I Øystese skipreide Erik Larsen Madi og Daniel Jonßen Rødberg. I Granvin og Ulvik finn vi dei to som i oktober 1716 framleis var i Bergen grunna sjukdom, Jonas Linde og Niels Perßen Slotte. I Ullensvang er Lars Flinte og Jaen Larßen Rytter.

Kor mange av desse som returnerte til Sverige veit eg ikkje. Men minst en av dei vart verande i Sunnhordland. Han er det jamvel skrive ei lita bok om. Det var Nils Persen Staalboe, som vart fødd i 1696 på Smedby i Medåker socken utanfor Arboga i Västmanland. Tredje søndag i advent 1719 ble han trulova, og 6. januar 1720 gift i Samnanger kyrkje i dåverande Os skipreide, med Anna Pedersdotter frå garden Tysse. De overtok garden Tveit i Samnanger, der dei vart buande til Nils døydde i april 1733. Saman fekk dei sju barn, og har i dag stor etterslekt i området rundt Bergen. Då Nils døydde skreiv presten i kyrkjeboka for Os prestegjeld følgjande:

«Die domini 5 post pasc. gravfæstet Niels Pederß: Staalby, fød i Sverig i agers præstegield af ægte foreldre. 18 aar gammel blev hand kommanderit udi kongens tieneste under hr: obrist de Falchenberg, og blev fangen udi Moss. Siden afført til Bergen og kom udi ægteskab her i Samnanger og døde ætatis 36 aar mindre end 7 ugger.»

Det vil overraska meg om det ikkje finst fleire svenske krigsfangar som delte skjebne med Nils Stålby.

Andre som har satt spor etter seg

Det er ikkje berre i Sunnhordland at det finst etterkomarar etter desse fangane. Til dømes i tingbøkene for Nordhordland er det fleire av fangane som dukkar opp i 1718 og 1719. Forutan at årstala 1718 og 1719 viser oss at fangane framleis var å finna i Nordhordland to til tre år etter at dei først kom dit, er det fleire som også har fått barn i løpet av denne tida. På tinget i Hosanger skipreide den 17. mai 1718 vert det nemnt to svenske fanger, Tho-

Lensmann Johannes Øftse Mjelde hadde anmeldt Rangvei Monsdatter til betaling av leiermålsbøter for å Løsagtighet og barneavling, og «hon tilkiendegiver at en af de Svendske fanger ved Nafn Anders skulle Være hendis barns fader". Nordhordland tingbok 34, folio 162a.

mas Hugoth og en Erik. På tinget i Mjelde skipreide (Ytre Arna) den 23. mai same år vart tenestejenta Ranvei Monsdotter stemna til «sine bøders erleggelse for begangne løsagtighed og barneavling». Ho møtte ikkje opp på tinget, men fekk levert eit skriftleg innlegg der ho fortalte at barnefaren var ein av de svenske fangane som heitte Anders. Denne saka kom opp på tinget igjen den 20. april 1719, og då møtte både mor og far på tinget. Ranvei Monsdotter fortalte då at barnefaren var den fanga svenske underoffiseren Anders Harchapæus. Vi har møtt han tidlegare som feldwebel i Livdragonregimentet, og han var mellom dei fangane som vart sende til Nordhordland i september 1716. To og eit halvt år etter er han altså framleis i samme området, og han møtte på tinget der han forklåra at han ikkje kunne «negte at have haft legemlig omgiengelse med Rangvei Monsdatter, men efter hands reigning skulle noget fattis paa tiden, som efter udreigning var paa 4re uger». Ranvei stod likevel på sitt, og svor eid på at ingen annan var far til barnet hennar enn den omtalte Anders Harchepæus. Om dette barnet vaks opp er meir usikkert, ettersom det ikke kan sjåast å vera døypt i det aktuelle prestegjeldet.

Døypt vart derimot det vesle gutebarnet Daniel den 19. januar 1719 i Lindås i Nordhordland. Han var son av bondedottera Ingeborg Pedersdotter Frøsetter og den svenske fangen Joseph Pamphelli, som vel må vera identisk med soldaten Joseph Bonfil av Livdragonregimentet, og som til liks med Anders Harchepæus vart sendt til

Nordhordland frå Bergen i september 1716. Den aktuelle leiermålssaka var oppe på tinget i Gulen skipreide den 5. desember 1718, der Ingeborg Pedersdotter var stemna for «begangen løsagtighed og børneavling». Ingeborg møtte for retten og «vedstod stevnemaaletz loulige forkyndelse og sigtelsens rigtighed; og som hon af fogeden blev tilspuurt hvem fader var til denne frugt hon bærer svarede hon, Josep Svendske; hvor havde hon med ham at bestille blev hon tilspuurt? hvortil hon svarede, paa marken udi Høvige-Brekken, hvorlenge siden det er siden denne omgiengelse skeede? svarede hon anden dag paaske i dette aar; og som hon blev tilspuurt hvor tit hun med samme hafde haft omgiengelse? svarede hon 2de ganger paa en dag; end tilspuurt om hon ikke haft omgiengelse med ham enten før eller siden, svarede hon nej: foregivende at hon af ham var tvungen dertil og truet med kniv; end tilspuurt om samme tvang for nogle mennisker var tilkiendegivet da hon kom til dem at den saa af hende kaldede voldtegt af ham skulle være skeed? svarede hon, hendis taabelighed var derudi aarsage». Josef Svenske var tilsynelatande ikkje til stades på tinget, men det bør vera mogeleg å finna fleire opplysningar om denne saka i andre militære eller sivile arkivseriar. Men det var kvinna som fekk straffa. Ingeborg vart dømd til å bøta 12 lodd sølv innan 15 dager, og om ho ikkje greidde det «tilfindis hon (...) at forskikkis til Bergens Børnehuus, sine resterende bøder med 8 skilling om dagen at opardbeide».[19]

1718

Sommaren 2001 kom eg ved slump over nokre dokument i arkivet etter stiftamtmannen i Bergen, og som viste seg å innehalda ei forteikning over nokre svenske krigsfangar.[20] Dei fleste av desse «svenskane» viste seg snart å vera finnar, og de fleste tilhøyrde det «Saflaische infanterie», altså frå Savolax. Dei øvrige kom frå det Åbolenske eller det Viborgske, samt ein frå Österbottens regiment og en furér frå «Færdsens» dragonar.[21] Alle, med unntak for den nemnte fureren, Ole Hedstrøm, var tekne til fange ved Trondheim, og var av ei eller anna årsak vorte overførte til Vestlandet frå Trøndelag vinteren 1718/1719. Soldatane som var tekne til fange ved Trondheim, har tvillaust vore med på general Carl Gustaf Armfelt (1666–1736) sitt felttog i Trøndelag frå september 1718 – ein ekspedisjon som enda i katastrofe med tilbaketoget over Tydalsfjella til Jämtland i januar 1719, der kring 3000 mann omkom i snøstorm. Av Armfelts såkalla jemtlandske armé på kring 7500 mann, kom berre 1500 tilbake til Jämtland.

Ved sidan av attgjevinga av fangelistene, har eg også valt å transkribera to brev frå futen i Sogn, Peder Leganger, til stiftamtmannen Andreas Undall (ca.1669–1728), som kompletterer historia i noko større grad.

[Kjelde 1]

Konglig Maiestets til Dannemark og Norge etcetera

høyt betroede stifftbefahlingßmand

ofver Bergenhuus stifft, justice-

raad og ambtmand ofver Bergens ambt.

Høyædle og velbaarne

Andreas Undall

a' Bergen

Høy-edle og welbaarne her stifftbefahlingsmand, høyst tilforladende welynder!

Den excessive bewaagenhed sampt mange høye velgierninger mig af dennem og deris welbaarne frue blefv værdiget og beviist ved seniste nærværelse ofvergaar vidt baade min fortieniste sampt den forpligt og reverence jeg derfor kand aflegge, saa jeg finder mig ganske ufulkommen saa vel at erstatte som vedbørligst for saa stor velbevaagenhed at tache, om jeg end all min formue offererede og saa mange forpligtede ord fremførde som ved pennen kunde opteignis og exprimeris, beder derfor allerydmygeligst at disse faae ord maae dog gunstigst optagis og anseis som en dyb forsichring om min intime wilje og skyldighed sampt hiertis fuldkomne erkiendelighed hvorved jeg har høyeste aarsage dennem ævindelig at være forbunden.

Jeg fordrister mig hernæst at notificere om min hiemkomst til min ringe boepæl, at den udj et vandriigt og temmelig stercht veyrlig skiede, Gud være æret, natten til den 1 Juny, effterat jeg den 30 May som var 3de Pintzedag reyste fra Bergen, og forefandt jeg da min kieriste med samptlige mine, Gud lofv, ved sundhed, undtagen den mindste søn som svagheden end iche vil forlade, og disforuden ventis hver dag paa de nærkomne smaakoppers besøeg, gifve Gud at vore 5 yngste som end iche har vaaren hos dem til giest, maatte uskadde og lydisløse undkomme fra dette giestebud!

Mig blefv hellers strax effter hiemkomsten tilkiendegifvet at af de her udj foegderiet og naboelawets inqvarterede svenske fanger, hafde 4 a 5 støcher ugen for min hiemkomst foretaget sig den kardie ved natter tide at entholde `sig´ af deris qvarteeret ja end og ganske undviget ved baader som de u-formodentlig hafde taget ved stranden, og omendskiøndt de strax blefve effterssadte, ere dog 2de undkomne som haver taget sin vey (saavidt præsumeris kunde af baadene som fandtis igien udj Indre Sogn) ofver de fielde inderst udj Lyster som strecher til Gudbrandsdahlen eller Opland, mens jeg hafver end iche kunde faaen udspurt om de nogensteds har vaaren seet eller søgt logumente hos nogen mand her udj foegderiet siden de undviigte. Og ere de bortløbnis nafne Lartz Hofmand

rustmester og Johan Kour rytter. Saa snart jeg derom fich undretning[!] tilskrefv jeg de mænd som boer nest under fieldet at forsende bud ofver til Gudbrandsdahlen for at gifve tilkiende det samme personer vare svenske fanger og burde paagribis, mens som det var for silde og vel neppe nogen uden sær belønning vilde vofve sig ofver fieldet, hafver jeg dereffter endnu ingen frugter eller videre kundskab fornummet. Imidlertid vil jeg herved ydmygst udbede mig velbaarne herris vilje og befahlning hvorledis med de øfrige forholdis skal som mueligens kand være lige intentionerede, saasom nu, da alle fielde ere beqvemme til deris undvigelse. Ingen kand være til ansvar for dem uden særlig wagt skulle beordris, som vilde falde almuen alt for tungt der selfv baade ere hielpeløse, og disforuden maae nu særlig tage vare paa deris jorddyrchning uden huuset saa frembt de iche skal ganske ruineris. Hvorledis jeg mig med den anbefallede completering skal forholde vilde jeg noch udbede mig nermere gunstige ordre, som her findis fast intet døgtig mandskab nogensteds og særlig udj Solveren og Marifiers skibrede hvor slet intet findis, og samme stedz grasserer endnu en sterch soet, saa faae tør komme der paa grenserne og ingen kommer derfra formedelst siugdom, og er lieutenant Bremer og lensmandens qvinde sammesteds med mange flere nyligen døde. Jeg anholder slutteligen at være forsichret om deris høye yndis continuation, og nest allerydmygste respect til deris welbaarne frue fra mig og mine, forblifver jeg min ganske lifvis tid med underdanigste hørsomhed og veneration.

Høy-edle og welbaarne her

stifftbefahlninhgsmands og justice raads

Høyst forbundneste og

tienstergifneste tiener

Flessie den 8 Juny anno 1719

P

Leganger

[Kilde 2]

Konglig Maiestets til Dannemark og Norge etcetera

høyt betroede stifftbefahlningsmand

ofver Bergenhuus stifft, justiceraad

og ambtmand ofver Bergens ambt.

Høyædle og velbaarne

Andrea Undall

a' Bergen

allerydmygst

Høy-ædle og welbaarne her stifft-

befahlningsmand og justice-raad, høyst-tilforladende velynder!

Det var ey en ringe sovlagement for almuen iche heller meget mishageligt for mig, af deris welbaarenheds høy-respective under den 13 Juny at fornemme den almindelige fangernis omvexling som ved her obriste Løwenørn er sluttet med de svenske, disformedelst høyedle herre gunstigst befaller den anstalt at forføyis, det samptlige udj mit allernaadigst anfortrode foegderies destricte forefindende og inqvarterede svenske fanger skulde til Bergen indbringis til den 7 July, til hvilchen ordres hørsommeligste efterlefvelse jeg har vaaren foraarsaget at fremskiche min tienere (som disse sovmmisse linier medfører) der samme fanger rigtig kunde ofverlefvere og for dennem tage igien fornøden qvitering.

Jeg fordrister mig hellers herudinden at insinuere en specification in duplo og tillige bereigning ofver fangerne og deris forphlægning den stund de herudj foegderiet har vaaren inqvarterede, hvorfore om nogen vederlaug, effter deris welbaarenheds attestation, for almuen kunde erholdis, skulde det vorde dennem saare behielpeligt og glædeligt, mens som jeg iche tilfulde forstaar høy-edle herris gode fortrøstning om forphlægningens restitution ved her obriste Tuchsen, hvad heller den skal forstaais for den ganske tid her har vaaren, som var ønskeligt, eller allene for den forphlægning dennem til underholdning paa deris indreyse til Bergen, effter her stifftbefahlningsmands ordre af mig er forstragt, saa er min tiener medlefveret 2de qviteringer, nemblig særdelis for forphlægningen til Bergen, og særdelis for den øfrige om den kunde erholdis, hvorudj jeg dog underdanigst vil bede om deris welbaarenheds beste og mueligste assistence eller raadføring hvorledis og paa hvad steder den ydermere skulle anføris og søgis, eller og blandt almuen reparteris.

Hvis skyld som hellers disse fanger kand hafve bunden, som ichun kan være af ringe importance fornemmis nu ingen fordring om, efftersom deris fraskillelse og forløesning sovlagerer herimod. End maae jeg effter begiering notificere at iblandt disse fremskichede fanger angifver sig en ved nafn Ole Heedstrøm, der vel kand mistis, og dog (aliorum ni fallor persvasu) forlanger og ansøger at blifve tilbage og giffte sig udj Udlands præstegield med en ung enke-qvinde, mens som hand dertil kand erlange permission stillis til deris velbaarenheds vilje og godfindende.

Hvornest jeg ævindelig forblifver med underdanigste respect

Høy-edle og velbaarne her stifftbefahl-

ningsmands og justice-raads

allerydmygste og

ergifneste tiener

Flessie den 3 July 1719

P

Leganger

[Kilde 3]

Lista

paa de fangne svenske som ere fra fogden ofver Sundfiord og Nordfiords fogderie hidskichede, og effter høyedle og welbaaren her stifftsbefahlingsmands Undalls ordre hafver været inqvarterede udj Yttre Sogns fogderie. Nemblig efftterskrefne fra den 6 Januarj 1719.

1. Detlef Henning Calleisen feltskier ved Viborgsche Infanterie og fangen ved Trundhiem.

2. Thomas Kappai

3. Stephen Simen

4. Lars Karwin

5. Drusius Pursain
soldater, alle af Saflaische Infanterie Regimente

6. Hans Jeschelein
og fangne ved Trundhiem

7. Johan Torplain

8. Madtz Kargalin

9. Arne Putkam

10. Lars Laitin

11. Niels Urtrin

Disße effterfølgende ere ankomne den 23 January 1719

12. Ole Heedstrøm, fourier af Færdsens Dragouner og fangen ved Moss

13. Anders Springer
Ryttere af Aaboelensche Chavallerie

14. Johan Phil
og fangne ved Trundhiem

15. Erich Erichson Rich, soldat af Østerbottens Regiment og fangen ved Trundhiem

Noch ankommen den 6 February 1719.

16. Knud Hendrichson, soldat af Saflaische Infanterie Regimente og fangen ved Trundhiem

Disße forskrefne hafver vaaren inqvarteret hos de beste mænd af almuen, hvor en hver har nødt sin forphlægning og underholdning rigtig og u-paaklagelig effter reglementet, nemblig til 6 schilling daglig, hvilchet beløber for de 11 første ankomne fra den 6 January til den 3 July 1719 som er 177 dager, den summa 121 rd 66 schilling.

For de den 23 January ankomne 4 mand som hafver nødt for-

phlægning udj 160 dage, beløber 40 rd.

Noch for den der ankom den 6 February, som hafver været forphlæget udj 146 dage, daglig 6 schilling, er 9 rd 12 schilling.

Foruden disße foranførte ankom og fra Sundfiord her til inqvartering den 23 January 2de svenske fangne, nemblig

Lars Hofmand, rustmester af det Viborgsche Infanterie og fangen ved Trundhiem

og Johan Kour, rytter af det Aaboelensche Chavallerie, fangen ved Trundhiem

Hvilche begge blefve her forphlægede fra bemelte dato til den 24 May, da de u-formodentlige, imedens jeg var udj Bergen, nattetiide undvigede af deris qvarterer, og ved en baad som de hafde fundet og taget ved stranden; undkom de fra det stæd førend nogen det kunde vide eller merke, og om endskiønt det straxens om morgenen blefve efftersøgte eschaperede de dog, mens den tagen baad blef effter 6 dagers søgning paa en øde stæd funden opsat imellem 2de klipper, hvorfra de ofver fieldene maae hafve taget deris vey og refugium, og som mand vil meene og slutte till Hallingdahl eller Valders udj Christiania Stifft, hvorom dog ingen vis underretning endnu har kundet erholdis. Imidlertiid hafver de dog bekommet forphlægning udj den tiid som før er meldt, nemblig udj 121 dage som beløber for dem begge 15 rd 12 schilling.

Summa 185 rd 90 schilling

Ellers hafver disße forbemelte 16 svenske fanger, som nu ved min tiener til Bergen fremskiches og lefveris, effter høyedle og velbaarne her stifftbefahlingsmands Undalls ordre af den 13 Juny sidstleeden, bekommet af mig penge til forphlægning paa deris reiße til Bergen, hver for 5 dager á 6 schilling daglig effter reglementet, som beløber tilhaabe 5 rd.

Hvilche femb rixd., tillige med de foran bereignede og specificerede etthundrede otteti og femb rixdaler nitti skilling, formodis underdanigst imod fangernis ofverlefverelse, og min medgifne qvitering at vorde fornøyed, og medfølgende min tiener lefveret.

Flessie den 3 July anno 1719

P Leganger

Fangeutveksling

I Riksarkivet i Oslo finst det ein fangeutvekslingsprotokoll der det vart utveksla (mot løysepengar) 734 namngjevne svenske (og finske) fangar mot heile 1346 namngjevne norske og danske fangar.[22] Kor mange av desse svenske krigsfangane som har vore i Vest-Noreg, er vanskeleg å seia noko



Stiftamtmannen i Bergen: Brev frå futen i Sogn, datert Flessie 3. juli 1719, Boks 784, legg 4.

om, men det er ikkje mange eg har funne igjen frå dei listene eg har gjennomgått. Protokollen dekker for de svenske fangane sin del tidsrommet frå sommaren 1716 til sommaren 1719, medan den for dei norske og danske fangane sin del går heilt tilbake til 1713. Ei detaljert gjennomgang av fangeutvekslinga vil truleg gje meir enn kva eg har funne. Likevel er det påfallande at mange av dei svenske fangane eg har funne nemnte på Vestlandet i spreidde kjelder frå 1718 og 1719, ser ut til å ha vore i krigsfangenskap heilt sidan 1716. Ingen av dei er nemnte i denne protokollen over utveksla fangar. Det er mogeleg at dette kan forklårast med bakgrunn i eit brev frå generalløytnant Lützow til stiftamtmann Undall i Bergen datert Christiania 3. juni 1719.[23] Då vert stiftamtmannen fortalt at «herr oberste Løwenørn med de svendske haver sluttet en almindelig fangernes omwexling, saa at alle danske eller nordske og svendske fanger skal settes paa frie foed (....) og at alle de udj det Bergenhuusiske district befindelige svendske fanger (...) bliver forsamlet, og dereffter under convoy af en under-officeer og 2de gemeene, som af hr. oberster og commandant Tuchsen ordineres, sendet den nærmeste wej herhid til Christiania (...)».

Her får vi ei forklåring på kvifor ingen av dei svenske fangane på Vestlandet er innskrivne i protokollen over utveksla fanger. Den siste innførsla i denne er nemleg datert 29. juni same år, og ein kan ikkje rekna med at den bergenske øvrigheita kunne nå å samla saman alle fangane og sendt dei til Christiania i løpet av nokre få veker.

Litteratur

Austestad, Atle. *Nils Stålby: Karolinen i Samnanger*. Øystese: Friske Tankar, 1995.

Fossen, Anders Bjarne. «Skipsfarten.» I *Norsk økonomisk historie 1500-1970. Band 1 1500-1850*, red. av Ståle Dyrvik, Anders Bjarne Fossen, Tore Grønlie, Edgar Hovland, Helge Nordvik og Stein Tveite, 101–108. Oslo: Universitetsforlaget, 1990.

Johnsen, Oscar Albert. *Tidsrummet 1660–1746*. Bd. V-1, Norges historie fremstillet for det norske folk. Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard), 1911.

Rosén, Jerker. *Tiden före 1718*. Redigert av Sten Carlsson og Jerker Rosén. Bd. 1, Svensk historia. Stockholm: Svenska Bokförlaget / Bonniers, 1962.

Øvrebø, Egil. *I Kongens teneste: Militær utskriving frå Bergens stift under Store nordiske krig 1709–1719*. Bd. 1, Riksarkivaren, Skriftserie. Bergen: Riksarkivaren, 1996.

Noter.

1) Oscar Albert Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746*, bd. V-1, *Norges historie fremstillet for det norske folk* (Kristiania: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard), 1911), s. 139–140.
2) Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746* ,s.

154–183
3) Anders Bjarne Fossen, «Skipsfarten,» i *Norsk økonomisk historie 1500-1970. Band 1 1500-1850*, red. Ståle Dyrvik et al. (Oslo: Universitetsforlaget, 1990), s. 107
4) Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746* , s. 183
5) Fossen, «Skipsfarten», s. 107
6) Bergen byarkiv, Bergen Magistrat, Kopibok 1714–1716, fol. 59b–62b. Takk til tidlegare statsarkivar i Bergen, Egil Øvrebø, for å ha gjort meg merksam på denne lista.
7) Egil Øvrebø, *I Kongens teneste: Militær utskriving frå Bergens stift under Store nordiske krig 1709–1719*, bd. 1, *Riksarkivaren, Skriftserie* (Bergen: Riksarkivaren, 1996), s. 30, mnr. AP1221, og s. 34, mnr. 1414.
8) Øvrebø, *I Kongens teneste: Militær utskriving frå Bergens stift under Store nordiske krig 1709–1719* , s. 32, mnr. 1324.
9) Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746* , s. 164.
10) Jerker Rosén, *Tiden före 1718*, red. Sten Carlsson og Jerker Rosén, bd. 1, *Svensk historia* (Stockholm: Svenska Bokförlaget / Bonniers, 1962), s. 700.
11) Atle Austestad, *Nils Stålby: Karolinen i Samnanger* (Øystese: Friske Tankar, 1995), s. 38.
12) Austestad, *Nils Stålby: Karolinen i Samnanger* , s. 38–39; jf. Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746* , s. 171.
13) Austestad, *Nils Stålby: Karolinen i Samnanger* , s. 42–45; Johnsen, *Tidsrummet 1660–1746* , s. 172.
14) Bergen Byarkiv, Bergen Magistrat, Kopibok 1716–1719, fol. 42a–43b.
15) Digitalarkivet, Døde i Bergen 1668 –1815, lnr. 34038
16) Digitalarkivet, Døde i Bergen 1668 –1815, lnr. 34000, hvor han er skrevet *Jens Engellot*.
17) Statsarkivet i Bergen, Stiftamtmannen i Bergen, pk. 673, legg 3, Brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger 1717. Brev datert Hope den 16. mars 1717.
18) Statsarkivet i Bergen, Stiftamtmannen i Bergen, pk. 673, legg 3, Brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger 1717. Brev datert Hope den 16. mars 1717.
19) Takk til Kenneth Bratland for å ha leita fram desse sakene frå tingbøkene for Nordhordland.
20) Statsarkivet i Bergen, Stiftamtmannen i Bergen, pk. 748, legg 4, Brev frå futen i Indre og Ytre Sogn 1719–1720
21) Dette må vel helst vera Upplands ståndsdragonregimente, der oberst Hans von Fersen (1683–1736) var sjef i tida 1714–1719.
22) NRA, Kommanderende General I, ca. 1700-1767, D Pakkesaker, Den store nordiske krig, XV, c, Protokoll angående utveksling av fanger 1713-1719.
23) SAB, Stiftamtmannen i Bergen, lnr. 1053, legg 1, Brev frå landmilitære, Kommanderende general 1716-1747.

Yngve Nedrebø:

Solid formidling av historien om Slaget på Vågen i Bergen i 1665.

Universitetsbibliotekar Bjørn-Arvid Bagge gav i 2012 ut boken «Storpolitikk og intriger! Slaget på Vågen i Bergen 1665, dets internasjonale bakgrunn og følger» på Bodoni forlag.

Bagge er en produktiv forfatter og formidler, med et vidt spekter av interesser. Han har en vidunderlig evne til å se og formidle spennende materiale som forteller om begivenheter fra Bergens historie.

Slaget på Bergen våg i 1665 kom da britiske krigsskip, med aksept fra den dansk-norske Kongen, seilte inn til Bergen for å overfalle og kapre hollandske handelsskip med store verdier i lasten. Britene mente å vite at det om bord i de 11 lasteskipene fra den hollandske Østindiaflåten skulle være store mengder bomullsvarer, silke, krydder, diamanter, perler og porselen.

General Claus von Ahlefeldt (1614-1674) var øverstkommanderende i Norge, og befant seg tilfeldigvis i Bergen i august 1665. Han tok myndig ledelsen i forsvaret av byen. Han hadde ikke mottatt ordrer fra København, og prøvde å stagge partene. Både hollendere og briter ble advart om at de norske styrkene ville bli satt inn mot angriperen.

Britene var utålmodige. De hadde drevet sitt diplomatiske spill og visste at en ordre fra kong Fredrik 3. var på vei til Bergen: Men de ville ikke vente, og satte i gang angrepet mot hollenderne. Festningsanleggene gikk inn på hollendernes side, og resultatet ble at britene måtte trekke seg ut med betydelige tap, med 112 drepte og 309 sårede.



Allerede i samtiden fikk slaget betydelig oppmerksomhet. Det ble laget malerier og trykt beskrivelser og vurderinger fra noen av dem som var med, og av forståsegpåere som hadde hørt, og som mente sterkt. Både briter, hollendere og nordmenn tok del i kildeproduksjonen.

Bagge setter begivenhetene i Bergen sommeren 1665 inn i en storpolitisk sammenheng, og viser maktspillet i Europa i tiårene etter 30-årskrigen. Nesten halve sidetallet er satt av til gjengivelse av beretninger og kilder. Boken er i tillegg rikt illustrert og gjengir en rekke kart og malerier. Dette gjør boken til en svært interessant kildesamling.

At stoffet fascinerer er ser vi av en relativt opphetet debatt i Bergens Tidendes spalter om de militærstrategiske vurderingene som lå bak, og om det britiske nederlaget framstår som naturlig eller ikke.



Postadresse:
Statsarkivet i Bergen
Årstadveien 22
5009 Bergen
Tlf: 55965800

epost: statsarkivet.bergen@arkivverket.no
digitalarkivet@arkivverket.no
Internett:
http://www.arkivverket.no/bergen/om.html
http://www.digitalarkivet.no/

De siste utgavene i denne serien:

2003

2004

2/2004

1/2005

2/2005

3/2005

1/2006

2/2006

3/2006

1/2007

2/2007

3/2007

1/2008

2/2008

3/2008

1/2009

2/2009

3/2009

1/2010

2/2010

3/2010

1/2011

2/2011

3/2011

4/2011

1/2012

2/2012

3/2012

Lese Bergensposten på farten?: